



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane

Oppdaterte berekningar 2018

NIBIO RAPPORT | VOL. 4 | NR. 174 | 2018



Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Marius Berger og Signe Kårstad, NIBIO, Divisjon for kart og statistikk.

Merethe Lerfald og Stine Kvamme, Østlandsforskning

TITTEL/TITLE

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane

Oppdaterte berekningar 2018

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Marius Berger og Signe Kårstad, NIBIO, Divisjon for kart og statistikk.

Merethe Lerfald og Stine Kvamme, Østlandsforskning

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
04.02.2019	4/174/2018	Åpen	11271	18/00767
ISBN:	ISSN:	ANTAL NO. OF PAGES:	SIDER/	ANTAL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:
978-82-17-02255-8	2464-1162	127		9

OPPDRAUGSIVER/EMPLOYER:

Bondelagets servicekontor, avd. Hordaland

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Lars Peter Taule

STIKKORD/KEYWORDS:

Landbruk, jordbruk, skogbruk, tilleggsnæring, verdiskaping, sysselsetting, ringverknad

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Landbruksøkonomi

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. I dette prosjektet er verdiskaping og sysselsetting i jordbruk, skogbruk, landbruksbaserte tilleggsnæringar og landbruksbasert industri berekna.

NIBIO har i samarbeid med Østlandsforskning gjennomført prosjektet

LAND/COUNTRY:

Norge

FYLKE/COUNTY:

Hordaland og Sogn og Fjordane

KOMMUNE/MUNICIPALITY:**STED/LOKALITET:****GODKJENT /APPROVED**

Hildegunn Norheim

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Heidi Knutsen

NAVN/NAME

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Forord

Landbruk er ei viktig næring for mange kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane, både for verdiskaping og sysselsetting. Landbruket bidreg i tillegg med andre verdiar for samfunnet gjennom å forvalte store arealressursar. I tillegg til å produsere mat sørger landbruket for kulturlandskapspleie, levande bygder og bumiljø.

I 2020 går Hordaland og Sogn og Fjordane saman i eitt fylke; Vestland. I samband med samanslåinga er det trong for oppdatert kunnskapsgrunnlag omlandbruket i dei to fylka.

Utredninga er gjennomført på oppdrag frå næringa ved Landbruksråd Vestland, og har finansiering frå fylkesmennene og fylkeskommunen i dei to fylka. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har i samarbeid med Østlandsforskning (ØF) gjennomført prosjektet. NIBIO ved Heidi Knutsen har leia prosjektet.

NIBIO har hatt ansvaret for berekningane for primærjordbruket og for landbruksbaserte tilleggsnæringar, medan ØF har gjennomført berekningane for skogbruket og landbruksbasert industri. Det vil alltid vere usikre moment i grunnlaget for berekningane, særleg på kommunenivå, for dei minste driftsformene og for deler av verdikjeda. Det må ein ta omsyn til når resultata skal tolkast og nyttast.

Vi takkar alle som har bidrege med data og faglege innspel, og oppdragsgjevar for eit interessant oppdrag. Vi håper rapporten vil vere til nytte i arbeidet med å vidareutvikle landbruket i dei to fylka når dei går saman i Vestland.

Bergen, 31.12.2018

Heidi Knutsen

Innhold

1	Innleiing	9
1.1	Bakgrunn for prosjektet.....	9
1.2	Formål og problemstilling.....	10
1.1	Oppbygging av notatet	10
2	Metode og datagrunnlag.....	11
2.1	Avgrensing og avklaring av omgrep.....	11
2.2	Metode og datagrunnlag for å berekne verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket	11
2.2.1	Verdiskaping.....	11
2.2.2	Økonomidata frå NIBIOs driftsgranskningar i jord- og skogbruk	13
2.2.3	Utrekningar for jordbruket – reknearkmodell	14
2.3	Skogbruket.....	15
2.3.1	Verdiskaping i skogbruket.....	15
2.3.2	Sysselsetting skogbruk	16
2.4	Landbruksbasert tilleggsnæring – datagrunnlag og metode.....	16
2.5	Verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket	17
2.5.1	Sysselsetting.....	18
2.5.2	Lokaliseringskvotientar og horisontale lokaliseringskvotientar.....	18
3	Utvikling i jordbruket 2006–2016.....	19
3.1	Utvikling i tal bruk og jordbruksareal	19
3.2	Utvikling på husdyrbruk.....	24
3.3	Produksjonsomfang.....	26
3.4	Økonomi	28
3.4.1	Jordbruksinntekt – vederlag til arbeid og eigenkapital	28
3.4.2	Investeringar	31
3.4.3	Nettoinntekt.....	31
4	Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket.....	34
4.1	Verdiskaping jordbruk	34
4.2	Produksjonsinntekter og kostnader	40
4.3	Verdiskaping frå dei ulike produksjonane i jordbruket	43
4.3.1	Mjølkeproduksjon storfe.....	43
4.3.2	Mjølkeproduksjon geit	47
4.3.3	Sauehald.....	48
4.3.4	Storfekjøtt	52
4.3.5	Kraftfôrbasert husdyrhald.....	54
4.3.6	Birøkt.....	56
4.3.7	Grønsaker, korn og poteter.....	56
4.3.8	Frukt og bær.....	56
4.3.9	Veksthus og planteskole	57
4.3.10	Pelsdyr.....	57
4.4	Årsverk i jordbruket.....	58
4.5	Verdiskaping per årsverk i jordbruket	63

5	Utvikling, sysselsetting og verdiskaping i skogbruket	65
5.1	Utvikling i skogbruket	65
5.2	Sysselsetting i skogbruket.....	68
5.3	Verdiskaping i skogbruket	69
6	Landbruksbasert tilleggsnæring	78
7	Verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert verksemd	87
7.1	Jordbruksbasert verksemd	87
7.2	Skogbruksbasert verksemd.....	98
7.3	Verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane	101
7.4	Samanlikning av verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri med marin sektor	103
7.4.1	Sysselsetting.....	103
7.5	Verdiskaping	114
8	Samla sysselsetting, verdiskaping og verknad av landbruket	119
8.1	Landbrukets betydning for sysselsetting i andre næringar	126
	Kjelder	127
	Vedlegg.....	128

Samandrag

Det er tidlegare berekna verdiskaping for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane med utgangspunkt i tal frå 2007 og 2013. Med basis i tal frå 2016 er desse tala nå oppdaterte. I tillegg til berekningar for jordbruk, skogbruk og landbruksbaserte tilleggsnæringar, er også verdiskaping og sysselsetting berekna for landbruksbasert industri¹.

Formålet med prosjektet har vore å sjå utviklinga for landbruket sidan førre berekning for 2013 og å auke kunnskapen om korleis landbruk gir grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i landbruksbasert verksemd i fylka.

Vestlandsjordbruket er prega av mange, små driftseiningar. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å oppretthalde lønsemda i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet.

I 2016 var det 3 063 som søkte om produksjonstilskot i Hordaland og 2 909 i Sogn og Fjordane. Det er ein nedgang i tal søkjarar på høvesvis 10 prosent og 19 prosent frå 2006. For heile landet er tal søkjarar redusert med 18 prosent i same perioden. I 2011 gjekk Hordaland forbi Sogn og Fjordane i tal bønder som søker produksjonstilskot frå Landbruksdirektoratet.

Frå 2006 til 2016 har det vore ein reduksjon på 4 prosent når det gjeld jordbruksareal i alt på landsbasis. For Hordaland og Sogn og Fjordane er det nedgang på høvesvis 5 prosent og 7 prosent. Ser vi på fulldyrka areal, har det vore nedgang for heile landet på 6 prosent. For Hordaland er det ein nedgang i fulldyrka areal på heile 18 prosent, medan nedgangen i Sogn og Fjordane har vore på 15 prosent. Stor auke i innmarksbeite gjer at jordbruksareal i alt viser mindre nedgang enn fulldyrka areal.

For frukt er arealutviklinga ulik for dei ulike fruktslaga. Plommearealet viser ein auke frå 2006–2016. Auken på landsbasis har vore på 39 prosent, i Hordaland 51 prosent og i Sogn og Fjordane 39 prosent. I Sogn og Fjordane har det vore ei vellukka satsing på søtkirsebær i Lærdal, og det har vore ei auke i arealet på 38 prosent, sjølv om tal produsentar har gått ned i same periode.

For kjernefrukt har utviklinga vore negativ. Nedgangen i pæreareal har vore 39 prosent for Hordaland, 51 prosent for Sogn og Fjordane og 42 prosent for landet frå 2007 til 2013. Det var likevel ein liten auke i arealet frå 2015 til 2016. For epleareal har nedgangen vore noko mindre, høvesvis 16 prosent i Hordaland, 23 prosent i Sogn og Fjordane og 11 prosent for landet.

Bærproduksjonen i Hordaland er lite omfattande, medan Sogn og Fjordane har ein omfattande bringebærproduksjon, og arealet har auka med 9 prosent frå 2006 til 2016. Jordbærarealet er redusert i begge fylka, med 39 prosent i Sogn og Fjordane og 24 prosent i Hordaland..

Når det gjeld husdyrhaldet, er det reduksjon i tal mjølkekyr og tal mjølkebruk, medan kjøttproduksjon med ammekyr har auka. For sauehaldet er utviklinga noko ulik i dei to fylka i tiårsperioden, i Hordaland er både tal bruk og tal sau auka noko, medan det har vore nedgang i Sogn og Fjordane.

Vestlandsbonden har hatt om lag same utviklinga i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk som bøndene i resten av landet, men nivået ligg noko under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka til dette er mindre driftseiningar og vanskelegare driftsforhold. Sjølv om fleire av tilskotsordningane kompenserer noko for dette, viser driftsgranskingane at inntekta til vestlandsbonden har vore lågare enn gjennomsnittet for landet det siste tiåret.

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, bruttoproduktet, er berekna til 1,8 mrd. kroner for 2016, 844 mill. kr frå Hordaland og 956 mill. kroner frå Sogn og Fjordane. Frå 2013 til 2016 er bruttoproduktet redusert med 2 prosent for Hordaland, når ein har teke omsyn til

¹ For landbruksbasert industri er det tidlegare gjort berekningar for 2013.

inflasjon, medan det er uendra for Sogn og Fjordane. Sjølv om det er små endringar for fylka totalt, har det vore store endringar for enkelte produksjonar.

Det er fleire store jordbrukskommunar i dei to fylka. I Hordaland er det Voss som har høgast verdiskaping med 112 mill. kroner. Deretter følgjer Ullensvang (90 mill. kroner), Kvinnherad (84 mill. kroner), og Etne (79 mill. kroner). I Sogn og Fjordane er det Gloppen som har høgast verdiskaping med kr 116 mill. kr. Deretter følgjer Stryn (99 mill. kr), Luster (73 mill. kr) og Jølster (64 mill. kr).

Mjølkeproduksjon er den største produksjonen i begge fylka. Viktigast er mjølkeproduksjon i Sogn og Fjordane med heile 59 prosent av samla verdiskaping frå jordbruket. I Hordaland står verdiskapinga frå mjølkeproduksjon for 47 prosent av samla verdiskaping. Deretter kjem sauehald med 20 prosent i Hordaland og 17 prosent i Sogn og Fjordane, og frukt- og bærproduksjon med høvesvis 11 og 8 prosent av samla verdiskaping.

Tal frå berekningane basert på driftsgranskingane, viser at det til saman er arbeidd 4,9 mill. timar i jordbruket i Hordaland i 2016. Dette svarar til 2 656 årsverk á 1 845 timar, og er ein nedgang frå 2013 på 44 årsverk frå 2013. Det er i sauehaldet det er arbeidd flest timar i Hordaland, og denne produksjonen utgjer totalt 42 prosent av samla arbeidsforbruk i fylket. Deretter følgjer mjølkeproduksjon med 35 prosent av arbeidsforbruket.

I Sogn og Fjordane er det til saman er arbeidd om lag 5,1 mill. timar i jordbruk i 2016. Dette svarar til 2 777 årsverk á 1 845 timar. Det er ein nedgang på 110 årsverk frå 2013. Totalt utgjer mjølkeproduksjon på ku og geit 52 prosent av sysselsettinga i jordbruket i Sogn og Fjordane i 2016. Sauehaldet utgjer 35 prosent.

Skogbruket sysselsette i 2016 om lag 100 personar i Sogn og Fjordane og 140 personar i Hordaland. Sysselsettinga innanfor skogbruket utgjer en marginal del av fylkets samla sysselsetting. I Hordaland er lokaliseringkvotienten for skogbruket 0,25 og i Sogn og Fjordane 0,87. Sysselsettinga i begge fylka er dermed underrepresentert sett i høve til landsnivået. I Hordaland finn vi flest sysselsette i skogbruket i kommunane Voss, Bergen, Granvin og Kvam, og i Sogn og Fjordane var det flest i sysselsette i Førde, Vik, Eid og Gloppen kommunar.

I 2016 var det levert 10,3 mill. m³. til skogindustrien i Noreg. Avverkinga i Hordaland og Sogn og Fjordane utgjorde høvesvis tre og eit prosent av den samla avverkinga i landet. For Sogn og Fjordane var avverkinga for 2016 fem prosent lågare enn ho var i 2013, medan Hordaland for same periode opplevde ei auke i avverkingskvantum med 91 prosent.

Bruttoproduktet/verdiskapinga frå skogbruket i 2016 er berekna til 159 millionar kroner i Hordaland og 116 millionar kroner i Sogn og Fjordane. I Hordaland hadde kommunane Voss (18,2 mill.kr.), Kvinnherad (13,7 mill. kr.) og Ullensvang (11,6 mill.kr.) størst verdiskaping, medan kommunane Fedje (0,1 mill. kr.), Øygarden (0,25 mill. kr) og Sund (0,5 mill. kr.) har minst. I Sogn og Fjordane hadde Stryn (11 mill. kr.), Gloppen (8,9 mill. kr.) og Eid (7,5 mill.kr.) kommunar størst verdiskaping, og Solund (0,3 mill.kr.), Selje (0,7 mill. kr.) og Vågsøy (1,2 mill. kr.) kommunar minst verdiskaping.

I underkant av 700 skogeigarar hadde positiv næringsinntekt frå skogbruket i Hordaland i 2016, medan talet i Sogn og Fjordane var i overkant av 720 skogeigarar. Gjennomsnittleg næringsinntekt frå skogbruket i dei to fylka var 21 000 kr og 20 000 kr i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. Av brutto inntekt utgjorde inntekta frå skogbruket berre fire prosent i Hordaland og tre prosent i Sogn og Fjordane mot seks prosent på landsbasis.

I begge dei to vestlandsfylka vert det drive tilleggsnæring på 45 prosent av jordbruksføretaka. Det er relativt lite samanlikna med andre fylke i landet. Berre dei tre fylka i Nord-Noreg og Rogaland har ein lågare del føretak som driv med tilleggsnæring enn Hordaland og Sogn og Fjordane. Leigekøyring den mest vanlege tilleggsnæringa i Hordaland, følgt av vedproduksjon, utleie og utmarksnæring. I Sogn og Fjordane er det flest som driv med utmarksnæring, følgt av leigekøyring og turisme.

Verdiskaping frå tilleggsnæringar, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 137 mill. kroner for Hordaland og 150 mill. kr for Sogn og Fjordane i 2016. Frå 2013 har verdiskapinga frå tilleggsnæringane gått ned med 6 mill. kr i Hordaland og auka med 7 mill. kr i Sogn og Fjordane, rekna i faste 2016-kroner. Med utgangspunkt i tal frå driftsgranskingane og frekvenstal, er sysselsettinga i tilleggsnæring for Hordaland berekna til 192 årsverk à 1845 timar i 2016, og for Sogn og Fjordane til 212 årsverk. I 2013 var arbeidsinnsatsen berekna til ca. 264 årsverk i begge fylka.

Verdiskapinga i landbruksbasert industri i Hordaland er estimert til 1,05 mrd. kroner. Dette svarar til 0,4 prosent av samla verdiskaping i fylket. Samanlikna med førre rapport har det vore ein reduksjon i verdiskapinga med om lag 300 mill. kroner rekna i faste 2016-kroner. Reduksjonen skuldast dels ein reduksjon i tal sysselsette ein antek er avhengig av landbruket i fylket og dels at estimert verdiskaping per sysselsett er redusert.

Verdiskapinga i landbruksbasert industri i Sogn og Fjordane er estimert til 986 mill. kroner, noko som utgjer 2 prosent av samla verdiskaping i fylket. Samla verdiskaping i landbruksbasert industri fylket i 2013 var 809 mill. kroner, noko som svarar til 874 mill. kroner i faste 2016-kroner. Verdiskapinga er økt samanlikna med 2013 med 112 mill. kroner. Årsaka er knytt til økt verdiskaping per sysselsett og ein auke i sysselsettinga.

Ser vi primærnæringa og landbruksbasert industri saman, finn vi at samla verdiskaping i 2016 var på 2 mrd. kroner i begge fylka, 1 prosent av samla verdiskaping i Hordaland og 5 prosent av samla verdiskaping i Sogn og Fjordane. Viktigast er desse næringane i kommunane Ullensvang, Ulvik, Granvin, Stryn, Gloppen og Lærdal. Her utgjer verdiskaping 10 prosent eller meir av samla verdiskaping i kommunen.

Det er gjort ei samanlikning av både sysselsetting og verdiskaping for landbruk og fiske og for landbruksbasert- og fiskebasert industri. I Hordaland var det om lag 2 100 personar sysselsette i landbruket medan fiske sysselsette drygt 2 400 personar. Landbruket i Sogn og Fjordane sysselsette 2 000 personar og fiske i underkant av 1 000. Landbruket utgjer fire prosent av sysselsettinga i Sogn og Fjordane og ein prosent av sysselsettinga i Hordaland. Fiske utgjer to prosent av sysselsettinga i Sogn og Fjordane og ein prosent av sysselsettinga i Hordaland. Landbruksbasert industri sysselsette nær 2 800 i Hordaland og 1 800 i Sogn og Fjordane i 2016, medan fiskeribasert industri sysselsette nær 1 100 i Hordaland og 500 i Sogn og Fjordane.

Verdiskapinga i fiskebasert industri utgjer 1,03 mrd. kroner i Hordaland og 0,5 mrd. kroner i Sogn og Fjordane. Målt i kroner er verdiskapinga i fiskebasert industri størst i Hordaland i kommunane Bømlo (296 mill. kroner) følgd av Sund (161 mill. kroner) og Osterøy (133 mill. kroner). I Sogn og Fjordane er verdiskapinga størst i kommunane Vågsøy (120 mill. kroner), Flora (92 mill. kroner) og Selje (84 mill. kroner). Verdiskapinga innanfor fiskebasert industri utgjer 0,4 prosent av samla verdiskaping i Hordaland og 1 prosent av samla verdiskaping i Sogn og Fjordane.

I NILF- rapport 2015-12 og 13 (Knutsen mfl.) er det gjennomført berekningar av ringverknader av landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane. Relativt små endringar i sysselsettinga mellom år, gjer at desse berekningane kan leggjast til grunn for å gjere anslag for landbruket sin sysselsettingsmessige påverknad i anna næringsliv. Vi finn at 2 800 sysselsette i landbruket i Hordaland gir grunnlag for 5 600 sysselsette i fylket (inkl. sysselsette i landbruket), noko som utgjer 2 prosent av samle sysselsetting. I Sogn og Fjordane gir 2 900 sysselsette i landbruket grunnlag for 4 987 sysselsette i andre næringar (inkl. landbruket) 2016 eller 9 prosent av alle sysselsette i Sogn og Fjordane i 2016.

1 Innleiing

Jordbruket på Vestlandet har på line med resten av landet, hatt ei utvikling mot færre og større drifts-einingar, sjølv om utviklinga i strukturrasjonaliseringa ikkje har vore like stor som i resten av landet.

I 2016 var det 16 301 landbrukseigedomar i Hordaland. Av desse var det busetting på 8 494 eigedomar. I alt hadde 27 385 personar bustad på ein landbrukseigedom i Hordaland, og det utgjør 5,3 prosent av alle som er busette i fylket. I Sogn og Fjordane var det 10 194 landbrukseigedomar, og det var busetting på 6 908 av dei. I alt budde det 22 606 personar på ein landbrukseigedom i Sogn og Fjordane i 2016. Det er 20,6 prosent av alle som er busette i fylket². Det er langt færre jordbruksbedrifter enn det er landbrukseigedomar. I 2016 var det 3 102 jordbruksbedrifter i Hordaland, og 2 934 i Sogn og Fjordane. Av desse søkte 3 063 om produksjonstilskot i Hordaland og 2 909 i Sogn og Fjordane.

Det er altså ein del bruk som ikkje søker produksjonstilskot. Jordbruksbedriftene som ikkje søker om tilskot, kan vere svært små i økonomisk omfang, eller dei driv ein produksjon som ikkje har krav på tilskot.

Jordbruket på Vestlandet er prega av små einingar, og topografi og arrondering gjer det vanskeleg å få store, rasjonelle einingar. Landbruket har fleire viktige funksjonar utover produksjon av trygg mat og trevirke. I mange vestlandskommunar spelar landbruket ei viktig rolle for busetnad og sysselsetting. Det landbruksbaserte kulturlandskapet er viktig for enkeltindivid som kjelde for rekreasjon og friluftsliv, og som ramme for satsing på kultur, lokal mat og turisme.

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane, og ei av få næringar med utøvarar i alle kommunar. Frå 1.1.2020 går dei to fylka saman til ein region. Både landbruksnæringa, forvaltninga og politikarar ønskjer difor oppdatert kunnskap om kva landbruket har å seie for regionen. Det er bruk for kunnskap om samanheng i verdikjeda og kva både primærproduksjon og foredling av landbruksvarer betyr.

I 2009 gjennomførde NILF³ for fyrste gong verdiskapingsberekningar for Hordaland og Sogn og Fjordane med utgangspunkt i produksjonsomfang og økonomi i 2007 (Knutsen mfl. 2009). Seinare har instituttet i samarbeid med andre vidareutvikla denne typen berekningar og også tatt inn verdiskaping frå landbruksbasert industri og ringverknadsanalysar. Dette vart gjort for Hordaland og Sogn og Fjordane for 2013 (Knutsen mfl. 2015a og 2015b). Desse berekningane vart gjorde i samarbeid med Østlandsforskning (ØF). Oppdaterte berekningar vil bygge på det same opplegget som vart nytta for 2013.

² SSB Statistikkbanken (a), tabell 07057; Landbrukseiendommer med bebyggelse og bosetting (F)

³ 1.7.2015 vart NILF ein del av NIBIO

1.2 Formål og problemstilling

Formålet med prosjektet har vore å auke kunnskapen om korleis landbruk gir grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg har ein ønskt å sjå utviklinga over tid.

Prosjektet har omfatta å:

- Vise utviklingstrekk i jordbruket frå 1998 til 2016 (data frå Landbruksdirektoratet) og samanlikne verdiskaping og sysselsetting frå berekningar frå 2007, 2013 og 2016.
- Oppdatere berekning av verdiskaping, omsetning og sysselsetting innan jordbrukets hovudproduksjonar, skogbruk og tilleggsnæring på fylkes- og kommunenivå med utgangspunkt i tal frå 2016 der det er mogleg å få tak i.
- Kartlegge av verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert verksemd (industri) basert på tal frå 2015⁴ supplert med opplysningar på fylkesnivå for 2016 og samanlikning med berekninga frå 2013.
- Vise ringverknader av landbruket i dei to fylka basert på oppdaterte berekningar for primærnæringane og den landbruksbaserte industrien basert på multiplikatoren frå 2013.
- Oppdatere samanlikning av verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri med marin sektor på fylkesnivå, basert på eksisterande statistikk for marin sektor.
- Oppdatere faktaark med resultat frå berekningane for kvar kommune.

Prosjektet «Oppdatering av verdiskapingsberekningar for landbruk og er utført i samarbeid mellom Norsk institutt for bioøkonomi NIBIO og Østlandsforskning (ØF). NIBIO har hatt ansvaret for berekning av verdiskaping frå jordbruk og tilleggsnæringar, medan ØF har hatt ansvaret for analyse av skogbruk, landbruksbasert industri og ringverknader.

Oppdragsgjevar har vore Bondelagets Servicekontor avd. Hordaland.

1.1 Oppbygging av notatet

I kapittel 2 er metodikk for berekning av verdiskaping, sysselsetting og ringverknader av landbruk beskrive. Utviklingstrekk i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er vist i kapittel 3.

I kapittel 4 vert resultatata frå berekning av verdiskaping for jordbruket i vist. Resultata frå skogbruket kjem i kapittel 5 og for tilleggsnæringar i kapittel 6. Deretter er det i kapittel 7 gjort ei vurdering av sysselsetting og verdiskaping i landbruksbaserte næringar og i kva grad desse næringane er avhengige av landbruket i fylket. Der er også landbruket samanlikna med marin sektor. I det siste kapitlet, kapittel 8, er det gitt ei kort samanstilling av resultatata for sysselsetting og verdiskaping i dei to fylka. Ringverknadar av landbruket er også presenterte i kapittel 8.

Heilt til slutt i notatet er det tatt med ein del vedleggstabellar som viser fleire resultat frå berekningane enn det som er presentert i sjølve notatet.

Faktaark for alle kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane er samla i eit eige tillegg til dette notatet.

⁴ 2015 var siste året SSB ga ut detaljert næringsstatistikk på kommunenivå

2 Metode og datagrunnlag

I dette kapitlet går vi kort gjennom definisjon, avgrensingar og metodar for korleis vi har berekna verdiskaping for landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane.

2.1 Avgrensing og avklaring av omgrep

Med landbruk meiner vi i første rekke næringsretta verksemd innan jordbruk og skogbruk. Denne primærnæringsaktiviteten gir omsetning, verdiskaping og sysselsetting. Dette, inkludert ein del tilhøyrande tilleggsnæringar, definerer vi som direkte økonomiske verknader av primærleddet i landbruket.

Landbruket verkar inn på foredlingsindustri og anna verksemd som i ulik grad er heilt avhengig av at det er aktivitet i primærleddet i landbruket. Dette omtalar vi som relatert verksemd.

Vidare har både primærleddet i landbruket og relatert verksemd verknad for andre næringar gjennom desse verksemdenes trong for lokale og regionale varer og tenester. Både verknader for relatert verksemd og verknader for anna næringsliv, omtalar vi som ringverknader.

2.2 Metode og datagrunnlag for å berekne verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket

Med jordbruk meiner ein her produksjon av jord- og hagebruksråvarer som mjølk, kjøt, ull, egg, korn, frukt, bær, poteter og grønsaker. Det dreier seg med andre ord om tradisjonelt husdyrhold og planteproduksjon. I tillegg er pelsdyrhald rekna som ein del av jordbruket. Desse driftsformene er med i berekningane for jordbruket:

- mjølkeproduksjon på kyr og geiter,
- produksjon av storfekjøt med ammekyr
- sauehald
- svinehald
- produksjon av egg
- produksjon av fjørfekjøt
- kornproduksjon
- potetproduksjon
- produksjon av grønsaker på friland
- veksthusproduksjon av grønsaker og blomster og planteskole
- frukt- og bærproduksjon
- birøkt
- pelsdyrhald

2.2.1 Verdiskaping

Omgrepet verdiskaping vert nytta på mange vis, både i faglitteratur og i meir politisk/økonomisk samanheng. I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen, vert bruttoprodukt nytta som uttrykk for verdiskaping. Bruttoproduct er verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsatsen. Kapitalslit (avskrivningar) er ikkje trekte frå. Produktstøtte, for eksempel prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt (sjå for eksempel Statistisk sentralbyrå (2012) for ei forklaring av dei ulike omgrepa i nasjonalrekneskapen).

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilskot, arealtilskot, kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Det kan også argumenterast med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og det avvik derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

I dette notatet nyttar vi uttrykket *bruttoprodukt medrekna tilskot* når vi omtalar verdiskaping. Bruttoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital. Tilsvarende uttrykk er nytta i berekning av verdiskaping frå jordbruket for Buskerud og Telemark. For andre fylke, til dømes Rogaland, Hedmark og Oppland, vart verdiskaping for jordbruket presentert som nettoprodukt. Nettoproduktet er bruttoproduktet fråtrekt avskrivningar. Avskrivningane er vanskelege å fastsette, og det vanlegaste i andre næringar er å berekne verdiskaping som bruttoprodukt. Dette er grunnen til at bruttoprodukt er valt som uttrykk for verdiskapinga i dette prosjektet.

Inntektene er delte i to; marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntektene er inntekter frå sal av jordbruksprodukt eksklusive pristilskot. Leigeinntekter for bruk av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot for husdyr, driftstilskot for mjølke- og kjøtfeproduksjon, distrikts- og grunntilskot, avløyssarrefusjon og diverse andre tilskot.

For å kunne samanlikne med tidlegare berekningar, er alle tal rekna om til faste 2016-kroner⁵.

Det er i hovudsak nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane, Landbruksdirektoratets produksjonstilskotsdatabase og NIBIOs driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Landbruksdirektoratet har i sin tilskotsdatabase oversikt over alle jordbruksbedrifter som har motteke produksjonstilskot. Tal frå denne databasen er brukt for å få tal for produksjonsomfang for dei ulike produksjonane i kvar kommune i 2016. Datagrunnlaget frå Landbruksdirektoratet er vist i tabellen i vedlegg 1.

I 2016 var det 39 jordbruksføretak i Hordaland og 25 i Sogn og Fjordane som ikkje søkte om produksjonstilskot. Ein veit lite om aktiviteten på desse føretaka. men det er rimeleg å rekne med dei føretaka som driv tradisjonelt jordbruk og som ikkje søker, eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på disse føretaka er låg. Det kan også vere føretak som ikkje har krav på tilskot. Fordi berekningane i dette prosjektet tar utgangspunkt i tilskotsdatabasen til Landbruksdirektoratet, vil produksjon på jordbruksbedrifter som ikkje søker om produksjonstilskot i hovudsak ikkje vere med som grunnlag for berekningane. For produksjon i veksthus og pelsdyrhald må ein nytte andre kjelder enn tilskotsdatabasen for å få opplysningar om drifta. Nokre av føretaka som ikkje søker tilskot, finn ein blant desse.

Det økonomiske datagrunnlaget er for dei fleste driftsformer henta frå NIBIOs driftsgranskingar i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2016. I hovudsak er det nytta data frå bruk på Vestlandet, supplert med

VERDISKAPING = BRUTTOPRODUKT

Sum inntekter

+ Familiens arbeid på nyanlegg

– Sum kostnader før avskrivningar

+ Kostnader til leigd hjelp

+ Kostnader til jordleige

= Bruttoprodukt inkl. tilskot

– Avskrivningar

= Nettoprodukt inkl. tilskot

⁵ Omregnet etter konsumprisindeksen, <https://www.ssb.no/kpi>

bruk frå andre regionar, eller frå kalkylar. For veksthusproduksjon er det i tillegg til data frå driftsgranskingane også brukt offentlege rekneskap henta inn på proff.no.

2.2.2 Økonomidata frå NIBIOs driftsgranskingar i jord- og skogbruk

Dei økonomiske dataa er gjennomsnittstal for ulike driftsformer for rekneskapsåret 2016. Driftsgranskingane dekkjer berre jordbruksføretak som er yrkesmessig drivne, og som har standard omsetning på minst kr 150 000. Det er lagt vekt på å finne eit utval for dei ulike driftsformene som ligg nær den faktiske storleiken på bruka i dei to fylka, men det vil alltid vere avvik mellom gjennomsnittstorleik på bruka i modellen og faktisk gjennomsnittstorleik på føretaka.

Deltakarane i driftsgranskingane skal registrere arbeidstid kvar veke. I modellen er det desse registreringane som er grunnlaget for berekning av sysselsetting i jordbruket.

Under er datagrunnlaget for dei ulike produksjonane kort omtalt.

Mjølkeproduksjon, ku

For mjølkeproduksjon er det nytta tal frå driftsgranskingane for bruk frå Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal). Bruka er delte inn i tre grupper; mindre enn 20 årsskyr, mellom 20 og 40 årsskyr og større enn 40 årsskyr. Fordi det er noko ulik yting og kjøttproduksjon i dei to fylka, er ikkje datagrunnlaget det same for fylka.

Kjøttproduksjon på storfe, ammekyr

Ein stor del av kjøttproduksjonen på storfe er i kombinasjon med mjølkeproduksjon eller på innkjøpte NRF-kalvar. I modellen er det føresett at denne delen av kjøttproduksjonen er fanga opp på mjølkeproduksjonsbruka. I tillegg er det kjøttproduksjon på bruk med ammekyr. I modellen er det føresett at all kjøttproduksjon på ammekyr er spesialisert produksjon. Det er relativt få vestlandsbruk med denne produksjonen som er med i driftsgranskingane. Økonomidata er derfor henta frå driftsgranskingsbruk frå Austlandet andre bygder (ikkje flatbygder), Agder og Rogaland andre bygder (ikkje Jæren) og Vestlandet. Også for kjøttproduksjon er det nytta ulike utval for dei to fylka.

Mjølkeproduksjon, geit

Økonomidata for produksjon av geitemjølkk er henta frå bruk på Vestlandet

Sauehald

Bruk med sauehald er delt i to storleiksgrupper etter tal dyr; mindre enn 100 vinterfôra sauer (vfs) og større/lik enn 100 vfs. For dei minste sauebruka er det nytta data frå Austlandet andre bygder og Vestlandet. For dei store bruka er det nytta data frå bruk på Vestlandet supplert med bruk frå Agder og Rogaland utanom Jæren. Tidlegare var det også eiga gruppe for utegangarsau. Det er ikkje lenger tal for utegangarsau i tilskotsdatabasen. Utegangarsauen er difor talt saman med dei andre gruppene. Det er flest utegangarar i Hordaland, det er difor nytta ulike grupper for dei to fylka.

Svinehald

Det er få av bruka i driftsgranskingane som har ein-sidig svinehald. Dei driftsgranskingsbruka frå Vestlandet som har svinehald, produserer ofte svinekjøtt i kombinasjon med mjølkeproduksjon. For 2013 er det likevel berekna verdiskaping for ein-sidig svinehald.

For å komme fram til økonomiske data for svinehald er det nytta landstal for bruk med svinehald i kombinasjon med kornproduksjon. Datasettet er deretter korrigerert for verdiskaping frå kornproduksjon og det er lagt inn riktige tilskot. For å få rett produksjon av svinekjøtt i dei to fylka, er det også her nytta ulike utval for dei økonomiske dataa.

Fjørfekjøt

Fjørfekjøt vert produsert i kombinasjon med andre husdyrproduksjonar eller i kombinasjon med planteproduksjon. I driftsgranskingane er det for få bruk med fjørfeproduksjon frå Vestlandet til at ein kan nytte tal frå desse bruka til berekning av verdiskaping for produksjonen. Ein har derfor nytta landstalar for bruk med kombinasjonen korn og fjørfekjøt. Tala er korrigererte for verdiskaping frå kornproduksjonen. Landstala er også korrigererte for manglande distriktstilskot på fjørfekjøt. Det er ikkje fjørfekjøtproduksjon i Sogn og Fjordane.

Eggproduksjon

Også egg vert i hovudsak produsert i kombinasjon med andre produksjonar. Ein har nytta same metode for å komme fram til verdiskaping for eggproduksjon som for fjørfekjøt, det er nytta landstal for bruk med kombinasjonen egg og korn. Tala er korrigererte for verdiskaping frå kornproduksjon og for manglande distriktstilskot på egg.

Frukt- og bærproduksjon

Driftsgranskingsbruka med frukt- og bærproduksjon er i hovudsak lokaliserte i Hordaland og Sogn og Fjordane. I Sogn og Fjordane er det også ei omfattande produksjon av bær. Det er difor ulike grupper for dei to fylka.

Produksjon av grønsaker, poteter og korn

Det er liten produksjon av grønsaker, poteter og korn på Vestlandet. I driftsgranskingane er ikkje desse produksjonane representerte for Vestlandet. Ein stor del av potet og grønsaksproduksjonen skjer i Lærdal. Lærdal grønt har gjeve tal for omsetnad av poteter og grønsaker, og dette er nytta som utgangspunkt for å berekne verdiskaping frå denne produksjonen. Det er i tillegg nytta tal frå kalkylar for og driftsgranskingane for å finne tal for kostnader. Tidlegare er det nytta tal frå driftsgranskingane for potet- og grønsaksproduksjonen. Metoden som er nytta for 2016 avvik derfor frå det som er gjort tidlegare år, og ein har kome fram til høgare verdiskaping frå poteter og grønsaker enn tidlegare.

For kornproduksjon i dei to fylka, er det nytta tal frå kornproduksjon på Austlandet, korrigerert for ulike soner for arealtilskot mm.

Veksthusproduksjon

Tidlegare er det nytta tal frå Landbruksteljinga 2010 for areal og omfang av veksthusproduksjon, men det er ikkje oppdaterte tal for dette. Ein har difor fått liste over produsentar frå Norsk Gartnerforbund. Ein har nytta offentlege rekneskap frå proff.no der det var mogleg. Andre produsentar er kontakta for å få opplysningar om veksthusareal og kulturar. For desse er det nytta kalkylar frå Handbok for driftsplanlegging (NIBIO 2016) for å berekne verdiskaping.

Pelsdyr

Oversikt over omsette skinn ved Oslo skinnauksjoner frå Norsk Pelsdyrslag ligg til grunn for omsetning. Handbok for driftsplanlegging (NIBIO 2016) og rekneskap frå driftsgranskingane er nytta til kostnadsutrekning.

Birøkt

For birøkt er det nytta kalkylar.

2.2.3 Utrekningar for jordbruket – reknearkmodell

I modellen inngår data om produksjonsomfang for kvar kommune. Også data om økonomi for kvar produksjon vert lagt inn. Ut frå disse dataa blir verdiskaping og sysselsetting rekna ut på kommunenivå.

I modellen er det brukt økonomiske data frå ein-sidig produksjon. Denne forenklinga betyr i praksis at ein ikkje har teke omsyn til at det i jordbruket er vanleg med fleire driftsgreiner på same bruk. Til dømes

vert svinehald på Vestlandet ofte kombinert med mjølkeproduksjon. Å bruke data frå ein-sidig produksjon er gjort for å tilpasse seg modellen, men er også nødvendig for å kunne presentere resultatane for for eksempel mjølkeproduksjon, sauehald eller frukt- og bærproduksjon kvar for seg.

Ein må også tilpasse økonomiske data til dei driftsformene ein finn i driftsgranskingane. Ved å bruke gjennomsnittstal frå faktiske bruk som grunnlag for berekingar i ein modell, vil det alltid vere enkelte variablar ein ikkje klarer å treffe innanfor en akseptabel feilmargin. For husdyrhald tar ein for eksempel utgangspunkt i tal dyr. Samtidig skal ein i modellen også komme fram til omtrent riktig produksjon (mjølk, kjøt, egg) og arealbruk for fylket. Det er derfor nødvendig å gjere enkelte korrigeringar av dei dataa som vert lagt inn i modellen, for eksempel for å få riktig grovfôrareal. Det vert derfor gjort nokre manuelle korrigeringar for å sikre at ein får riktig produksjon, grovfôrareal og riktige tilskot. Til dømes er det i modellen færre bruk enn det faktiske talet på jordbruksføretak som mottek produksjonstilskot. Det gjer at ein utan å korrigere, ville fått for lite botnfrådrag i modellen, lik eins ville ein fått for lite driftstillegg i mjølkeproduksjonen fordi bruka i modellen er noko større enn gjennomsnittet i fylka.

2.3 Skogbruket

2.3.1 Verdiskaping i skogbruket

Det er ikkje god nok representativitet i driftsgranskingane til å kunne estimere inntekter og verdiskaping i primærnæringsdelen av skognæringa på fylkes- og kommunenivå. Rammene for prosjektet har gitt avgrensa høve til å gjennomføre regionale undersøkingar.

Berekninga av verdiskapinga i primærskogbruket tek utgangspunkt i SSBs totalrekneskap for skogbruk og tenester knytte til skogbruk. Denne statistikken vart publisert kvart år for landet fram til 2012. Av SSB-notat 17/2012 går utrekningsgrunnlaget for skogbruksnæringa fram i nasjonal-rekneskapen (Zahirovic, 2012). Metoden som blir nytta for å rekne ut verdiskapinga frå skog-bruket, svarer til den som vart nytta for tilsvarende berekning for Hedmark og Oppland (Lien mfl., 2012 og Lerfald mfl., 2012). Oppsettet frå SSB for å rekne ut bruttoproduktet i skogbruket går fram av tabell 2.1. I dei tilsvarende berekingane har også uttak av energiflis vært inkludert. Fordi støtteordninga for uttak av energiflis vart avvikla i 2013, er energiflis utelate i denne berekinga.

Tabell 2.1 Totalrekneskap for skogbruk og tenester knytte til skogbruk

	Tømmer for sal
+	Vyrke til eige bruk
+	Vyrke til ved (heile lengder)
+	Juletre og pyntegrønt
+	Jakt
+	Nettotilvekst
=	Skogprodukt i alt
+	Produksjon av tenester i tilknytning til skogbruket
+	Investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar (inkludert verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsveier)
=	Produksjon
-	Produktinnsats
=	Bruttoproduktet i skogbruket

Metoden som er lagt til grunn for å rekne ut verdiskapinga (målt som bruttoprodukt i skogbruket i fylka Hordaland og Sogn og Fjordane og dei tilhøyrande kommunane) går fram av vedlegg 2. Det er i liten grad spesifikk kommunefordelt statistikk for elementa som inngår i totalrekneskapen når dette skal fastsetjast for eit fylke og ein kommune. For skogprodukt publiserast kommunefordelt statistikk for

bruttoverdi av avverking tømmer for sal. For dei andre elementa som er ein del av skogprodukt, er det varierende grad av uvisse knytte til estimata. For produksjon av tenester, investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar og produktinnsats, fangar i liten grad opp variasjonar mellom kommunane. Etter denne modellen blir bidraga fordelte etter avverking og ikkje etter kommunen dei høyrer heime i.

2.3.2 Sysselsetting skogbruk

For sysselsetting innan skogbruk har vi har lagt til grunn SSBs sysselsettingstal med næringskoden 02 Skogbruk. Denne omfattar delnæringane 02.1 Skogskjøtsel, 02.2 Avverking, 02.3 Innsamling av viltveksande produkt av anna enn tre og 02.4 Tenester knytte til skogbruk. Frå og med 2015 la SSB om den registerbaserte sysselsettingsstatistikken, og sysselsettingstala frå 2013 og 2016 bygger dermed på to ulike datakjelder⁶. Dette gjer det problematisk å samanlikne sysselsettinga frå førre verdiskapingsrapport da dei ikkje utan vidare er samanliknbare.

2.4 Landbruksbasert tilleggsnæring – datagrunnlag og metode

I driftsgranskingane i jord- og skogbruk vert tilleggsnæring definert som «næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk med basis i ressursane på bruket». Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., medan personressursar eller kompetanse ikkje inngår. SSB definerer tilleggsnæring omtrent på same måten som NIBIO, men har også med pelsdyr, birøkt og utleige av jord til jordbruksføremål som tilleggsnæring. Dette vert definert som jordbruk i driftsgranskingane og er med i berekninga av verdiskaping frå jordbruket.

Tilleggsnæringar dekkjer for eksempel satsing på småskala mat- og siderproduksjon, reiseliv, vedproduksjon og maskinkøyring. Aktiviteten skal gje inntekt eller sysselsetting, og det er føresett at aktiviteten er tilknytt ein landbrukseigedom der det er tradisjonelt jord- og/eller skogbruk.

For tilleggsnæring er det ikkje offentleg statistikk som inneheld data om type tilleggsnæring, omfang og kor mange som driv (frekvens). Verdiskapingsberekninga for tilleggsnæring vert derfor usikker samanlikna med jordbruket der ein kan nytte produksjonstilskotsdatabasen for å finne denne typen data. I dette prosjektet vert verdiskaping frå tilleggsnæringane berekna med utgangspunkt i tal frå SSB for 2016⁷. I dette datagrunnlaget er det ikkje tal for tilleggsnæringar på kommunenivå, men det er tal for kor mange som driv ulike tilleggsnæringar på fylkesnivå.

SSB har tal for tal bruk som driv tilleggsnæring og kva tilleggsnæringar som vert drivne, og om arbeidsinnsats, men har ikkje data om økonomi. Ein må anta at dei som definerer verksemda si som tilleggsnæring, driv i eit visst omfang. I driftsgranskingane vert all tilleggsnæringsaktivitet registrert, også der omfanget er svært lite og brukaren sjølv truleg ikkje vil definere aktiviteten som tilleggsnæring. Før data frå driftsgranskingane vart nytta i berekningane, vart derfor bruk med omsetnad mindre enn kroner 5 000 tekne ut. Utval av bruk til driftsgranskingane er basert på representativitet for jordbruket. Det er derfor ikkje sikkert at omfanget av tilleggsnæring i driftsgranskingane er representative for omfanget av tilleggsnæring på fylkesnivå. For å ha eit så stort datagrunnlag som mogleg for dei økonomiske data, er det brukt landstal for dei ulike tilleggsnæringane.

2010 er det siste året SSB har tal for tilleggsnæring på kommunenivå. For å bryte verdiskaping frå tilleggsnæringane ned på kommunenivå er det nytta ein omrekningsfaktor basert på tal frå 2010. Ein føreset at endringa i kor mange som driv dei ulike tilleggsnæringane, har vore lik i alle kommunane i dei

⁶ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/endring-i-datagrunnlaget-for-registerbasert-sysselsettingsstatistikk>

⁷ SSB (upubl.) Data om tilleggsnæring for 2016

to fylka. Estimata på kommunenivå vert derfor svært usikre, men kan gi eit bilete på kva tilleggsnæringane gjev av verdiskaping i kommunen. Når ein tolkar berekningane for tilleggsnæring, må ein også ta omsyn til at det ikkje er mogleg å vite om omfanget på tilleggsnæring i driftsgranskningane er representativt for heile populasjonen. På fylkesnivå vil resultatata likevel gi ein god peikepinn på kor stor verdiskaping som kjem frå landbruksbasert tilleggsnæring.

Tilleggsnæring er delt inn i følgjande driftsformer:

- leigekøyring
- tenesteyting
- inn på tunet-aktivitet
- vidareforedling av jordbruksprodukt
- turisme, inkl. overnatting, servering, gaiding m.m. knytt til gard eller seter
- vedproduksjon
- juletre og pyntegrønt
- utmarksnæring
- festeavgift
- utleie av areal, bygningar og maskiner
- anna

2.5 Verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket

For å rekne ut verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket i fylka, har vi i dette prosjektet lagt til grunn metoden som ble utvikla for utrekning av verdiskaping i landbruksbasert industri i Hedmark og Oppland (sjå Lien mfl. (2012) og Lerbald mfl. (2012)). Tilsvarende metode vart også nytta i verdiskapingsrapportane frå 2015 for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Utrekninga tek utgangspunkt i siste offentlege tal publisert for fylkesfordelt bruttonasjonalprodukt (BNP) fordelt på næringsgrupper, sysselsetting etter arbeidsstad, per næring og kommunefordelt. Dette utgjer grunnlag for ei utrekning av verdiskaping per sysselsett innanfor den einskilde næringa. Det er vidare føresett likt bruttoprodukt per sysselsett innanfor den einskilde næringa. Kommunefordelt bruttoprodukt blir rekna ut på grunnlag av kommunefordelt sysselsetting innanfor den einskilde næringa. Vidare reknar vi ut bruttoprodukt for næringar med avhengnadsforhold til landbruket, ved å ta utgangspunkt i talet på sysselsette med avhengnad av landbruket. Dette utgjer grunnlag for synsmåtane knytte til delar av verdiskapinga i den einskilde kommunen. Vi gjer merksam på at dette er ei forenkla tilnærming. Det inneber at verdiskaping innanfor anna landbruksbasert verksemd, slik som til dømes landbruksrådgiving og undervisning, ikkje er inkludert.

Vi har i våre berekningar tidlegare lagt til grunn ein detaljert næringsstatistikk som har blitt spesialbestilt frå SSB. SSB gir ikkje lengre ut denne statistikken. Vi har brukt data frå Proff Forvalt⁸ for å supplere statistikken frå SSB.

⁸ <https://www.forvalt.no/Default.aspx?ReturnUrl=%2fforetaksindex%2fsegmentering.aspx#>

2.5.1 Sysselsetting

For å presentere samla sysselsetting innanfor dei aktuelle næringane har vi lagt til grunn Statistisk sentralbyrås (SSB) kommunefordelte sysselsettingsstatistikk etter arbeidsstad⁹. Som nemnd i kapittel 2.3.2, er det gjort endringar i den registerbaserte sysselsettingsstatistikken, og dette gjer det problematisk å samanlikne sysselsettinga frå førre verdiskapingsrapport da dei ikkje utan vidare er samanliknbare.

2.5.2 Lokaliseringskvotientar og horisontale lokaliseringskvotientar

Lokaliseringskvotienten for ei næring gir eit uttrykk for næringas relative betydning i ein region i høve til næringa si betydning nasjonalt. Dersom lokaliseringskvotienten er lik 1 er næringa i fylket representert som på landsgjennomsnittet, medan mindre enn 1 og større enn 1 er høvesvis underrepresentasjon og overrepresentasjon av næringa.

$$LQ = \frac{\text{Del sysselsette i næring av sysselsette totalt i region}}{\text{Del sysselsette i næring av sysselsette totalt på landsbasis}}$$

Ulempa med lokaliseringskvotientar er at den berre måle om næringa si del lokalt er høgare eller lågare enn nasjonalt. Den seier ikkje noko om den absolutte storleiken på næringa. Eit alternativt mål er derfor å bruke den horisontale lokaliseringskvotienten (HLQ). HLQ er definert som tal sysselsette av ei lokal næring som overstig venta tal om aktiviteten var på nivå som for landet. Vi vil sjå nærmare på HLQ når vi analyserer sysselsettinga innan i fylket der LQ tilseier at det er overrepresentasjon.

$$HLQ = \text{Tal sysselsette i regionen} - (\text{næringa sin del i landet} * \text{totalt tal for sysselsette i regionen})$$



Foto: © Erling Fløystad

⁹ For jordbruket er sysselsetting berekna i same reknearkmodellen som bruttoprodukt, med utgangspunkt i data frå driftsgranskningane i jord- og skogbruk

3 Utvikling i jordbruket 2006–2016

Vestlandsjordbruket er prega av mange små driftseiningar. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å oppretthalde lønsemda i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet. I dette kapitlet vil vi vise utviklingstrekk for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane samanlikna med landstal for perioden 2006–2016.

3.1 Utvikling i tal bruk og jordbruksareal

I 2016 var det 3 063 som søkte om produksjonstilskot i Hordaland og 2 909 i Sogn og Fjordane. Det er ein nedgang i tal søkjarar på høvesvis 10 prosent og 19 prosent frå 2006. For heile landet er tal søkjarar redusert med 18 prosent i same perioden. I 2011 gjekk Hordaland forbi Sogn og Fjordane i tal bønder som søker produksjonstilskot frå Landbruksdirektoratet.


Frå 2006 til 2016 har det vore ein reduksjon på 4 prosent når det gjeld jordbruksareal i alt på landsbasis. For Hordaland og Sogn og Fjordane er det nedgang på høvesvis 5 prosent og 7 prosent. Ser vi på fulldyrka areal, har det vore nedgang for heile landet på 6 prosent. For Hordaland er det ein nedgang i fulldyrka areal på heile 18 prosent, medan nedgangen i Sogn og Fjordane har vore på 15 prosent. Stor auke i innmarksbeite gjer at jordbruksareal i alt viser mindre nedgang enn fulldyrka areal. Det betyr at det er den mest verdfulle jorda som forsvinn, eller går over til beiteareal. Auken i innmarksbeite var 14 prosent for Hordaland, medan for Sogn og Fjordane var auken på 10 prosent.

Arealdata baserer seg på areal det er søkt tilskot for, så noko av arealet som har forsvunne frå tilskotsregisteret, kan framleis vere i drift. Tabell 3.1 viser utvikling i tal bruk og jordbruksareal i alt for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet frå 2006 til 2016.


Tabell 3.1 Tal bruk som søker produksjonstilskot og jordbruksareal i alt i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

	År	Jordbruksareal i alt		
		Tal bruk	Tal dekar	Gj.snitt
Hordaland	2006	3 392	421 310	124
	2010	3 253	413 540	127
	2013	3 141	399 845	127
	2016	3 063	399 579	130
Sogn og Fjordane	2006	3 598	459 156	128
	2010	3 262	446 946	137
	2013	3 063	429 111	140
	2016	2 909	425 088	146
Landet	2006	49 405	10 249 263	207
	2010	45 730	10 019 349	219
	2013	42 923	9 839 699	229
	2016	40 377	9 803 052	243


Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-910)




Figur 3.1 Kart: Jordbruksareal i drift, kommunar i Hordaland, 2016, dekar



Figur 3.2 Kart: Jordbruksareal i prosent av totalt areal i kommunen, Hordaland, 2016, prosent




Figur 3.3 Kart: Jordbruksareal i drift, kommunar i Sogn og Fjordane, 2016, dekar



Figur 3.4 Kart: Jordbruksareal i prosent av totalt areal i kommunen, Sogn og Fjordane, 2016, prosent

Figur 3.5 viser prosentvis fordeling av jordbruksarealet på ulike arealkategoriar for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet i 2006, 2013 og 2016. I vestlandsfylka er ein mindre del av arealet fulldyrka areal enn for landet.



Figur 3.5 Prosentvis fordeling av jordbruksareal i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2006, 2013 og 2016


Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

For frukt er arealutviklinga ulik for dei ulike fruktslaga. Plommearealet viser ein auke frå 2006–2016. Auken på landsbasis har vore på 39 prosent, i Hordaland 51 prosent og i Sogn og Fjordane 39 prosent.

Etter ein periode kor arealet av søtkirsebær gjekk ned, har det vore ein utflating dei siste åra. Sogn og Fjordane hadde ei vellukka satsing i Lærdal, og det har vore ei auke i arealet på 38 prosent, sjølv om tal produsentar har gått ned i same periode.


For kjernefrukt har utviklinga vore negativ, særleg gjeld dette pærer. Nedgangen i pæreareal har vore 39 prosent for Hordaland, 51 prosent for Sogn og Fjordane og 42 prosent for landet frå 2007 til 2013. Det var likevel ein liten auke i arealet frå 2015 til 2016. For epleareal har nedgangen vore noko mindre, høvesvis 16 prosent i Hordaland, 23 prosent i Sogn og Fjordane og 11 prosent for landet. Figur 3.4 viser arealutvikling for dei ulike fruktslaga.

Bærproduksjonen i Hordaland er lite omfattande. Jordbærarealet i 2016 har blitt redusert med 24 prosent dersom ein samanliknar med tal frå 2006. Arealet av andre bær (mest bringebær) er redusert med 39 prosent. Sogn og Fjordane har ein omfattande bringebærproduksjon. Arealet har auka med 9 prosent i løpet av denne perioden. Kommunane Vik, Lærdal, Luster, Gloppen og Stryn hadde 90 prosent av arealet det ble søkt tilskot for i 2016. Jordbærarealet i Sogn og Fjordane har gått ned med heile 39 prosent i løpet av perioden. Figur 3.5 viser utvikling i bærarealet. For å kunne samanlikne utviklinga med landet, er det nytta ulik skala for landstala i denne figuren.



Figur 3.6 Utvikling i areal for dei ulike fruktslaga, Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, dekar, 2006–2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)



Figur 3.7 Utvikling i bærareal, Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, dekar, 2006–2016


Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

3.2 Utvikling på husdyrbruk

Tal driftseiningar med mjølkeproduksjon i Hordaland er redusert med over 40 prosent frå 2006 til 2016, medan tal mjølkekyr er gått ned med 17 prosent. Sogn og Fjordane har hatt same utvikling som Hordaland. I 2016 var det att 536 bruk med mjølkekyr, 10 731 kyr og gjennomsnittleg buskap var på 20,0 kyr i Hordaland. I Sogn og Fjordane var det 813 bruk, 14 843 kyr og 18,3 kyr i gjennomsnitt.

Reduksjonen i tal mjølkekyr er på same nivå som landsgjennomsnittet. Figur 3.6 viser prosentvis reduksjon i tal mjølkebønder og tal kyr og prosentvis auke i tal kyr i gjennomsnitt per bruk for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet frå 2006–2016.


Talet på ammekyr i Noreg har auka med heile 45 prosent i løpet av perioden, også vestlandfylka har auka omfanget av ammekyr. Likevel er buskapane berre om lag halvparten av landsgjennomsnittet per driftseining.



Figur 3.8 Prosentvis reduksjon i tal mjølkebønder, tal kyr og tal kyr i gjennomsnitt per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2006–2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

Figur 3.7 viser at prosentvis reduksjon i tal bruk med sau har vore størst i Sogn og Fjordane, sauetalet har også gått mest ned i Sogn og Fjordane. Det har vore ein auke i Hordaland både når det gjeld tal bruk, tal sauer og sauer per bruk. Ser ein på utviklinga på landsbasis, har det vore ein nedgang i tal bruk, medan det har vore ein auke når det gjeld tal sauer og sauer per bruk. Det var 2 038 som søkte om produksjonstilskot for sau i Hordaland til søknadsomgangen per 1.1.2016. Dei hadde 109 264 sauer, og gjennomsnittsbuskapen var på 54 vinterfôra sau (vfs). I Sogn og Fjordane var det 1 554 søkjarar og 82 347 vfs. Gjennomsnittsbuskapen var på 53 vfs. Frå søknadsomgang 1.1.2015 skil ein ikkje lenger mellom utegangsau og anna sau.




Figur 3.9 Endring i tal bruk med sau, tal sau og tal dyr per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2006–2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

Endra rammevilkår i svinehaldet som auke i konsesjonsgrenser, har medført ei større strukturendring i svinehaldet enn i mjølkeproduksjonen. Tal svineprodusentar er redusert med 43 prosent på landsbasis mellom 2006 og 2016 (sjå figur 3.8). I Sogn og Fjordane og Hordaland har nedgangen vore på høvesvis 44 og 52 prosent. Talet på avlsgris per bruk er ein del lågare enn landsgjennomsnittet i vestlandsfylka. Svinehaldet på Vestlandet har tradisjonelt vore ein kombinasjon med andre produksjonar som til dømes mjølkeproduksjon. Etter kvart som det er blitt trong for å fornye driftsapparatet, har mange svineprodusentar på Vestlandet falle frå då det ikkje har vore rekningsvarande å investere i mindre målestokk i svinehaldet.

På grunn av stor endring i struktur i svinehaldet og auka produktivitet, er produksjonen av svinekjøt auka med 17 prosent frå 2006 til 2016 på landsbasis. Dei to vestlandsfylka har hatt ein auke på til saman 31 prosent, som skuldast auka produksjon i både i Hordaland og i Sogn og Fjordane. Produksjonsauken har vore størst i Hordaland.



Figur 3.10 Endring i tal bruk med avlspurker, tal purker og tal dyr per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2006–2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har tal høner variert frå år til år i perioden frå 2006–2016, men ingen av fylka har stor eggproduksjon. I Hordaland var det 23 fleire som søkte tilskot til høner i 2016 enn det var i 2006, ein auke på 15 prosent. I Sogn og Fjordane har det vore ein nedgang på 10 prosent. På landsbasis har det vore ein jamn auke i tal høner fram til 2015. Når det gjeld tal produsentar, kan ein observere ein liten auke dersom ein ser heile perioden under eitt. Auka konsesjonsgrenser er ei viktig årsak til den store auken i høner per bruk.

3.3 Produksjonsomfang

Tabell 3.2 viser utviklinga i produsert mengde mjølk for perioden 2006–2016. I Hordaland er mjølkemengda redusert frå 76 mill. liter i 2006 til 74 mill. liter i 2016 (prosent). I Sogn og Fjordane er mjølkemengda auka frå 104 mill. liter til 106 mill. liter i same perioden (2,4 prosent.¹⁰) Auken i mjølkeproduksjonen på landsbasis var i same perioden på 1 prosent. Når det gjeld utviklinga i mjølkekvotar, har det vore ein liten auke i dei to fylka. Det gjeld også på landsbasis.

¹⁰ Budsjettnemnda for jordbruket. Resultatkontrollen.

Tabell 3.2 Total mengde kumjølk levert til meieriet, inkl. gardssmør og gardsost berekna som mjølk, mill. liter, i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Hordaland	76	78	77	76	75	74	76	75	73	75	74
Sogn og Fjordane	104	107	104	105	104	101	106	105	102	104	106
Landet	1500	1541	1527	1502	1506	1476	1531	1525	1509	1536	1522


Kjelde: BFJ (2018) Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken

Tabell 3.3 Total mjølkekvote i mill. liter, 2006-2016, i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Hordaland	84	84	84	84	85	85	91	87	86	87	85
Sogn og Fjordane	112	114	113	112	113	113	112	117	117	116	114
Landet	1577	1598	1599	1599	1615	1615	1742	1673	1672	1677	1632

Kjelde: Landbruksdirektoratet (a)

Figur 3.11 viser kor stor del av mjølkekvote som er seld kvart år i perioden 2006–2016 for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet.



Figur 3.11 Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvoter, selt mengde i prosent av total kvote, i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

Kjelde: Landbruksdirektoratet (a og b)

Tabell 3.4 viser kjøtproduksjon av storfe, svin, sau og fjørfe og produsert mengde egg for åra 2006 og 2016. Produksjonen av sauekjøt har auka med 15 prosent i Hordaland og 14 prosent i Sogn og Fjordane mellom 2006 og 2016. På landsbasis er det ein auke i produksjonen av sauekjøtt på 4,6 prosent i same perioden. Produksjonen av storfekjøtt har blitt kraftig redusert i Hordaland. I prosent utgjer nedgangen 11 prosent, medan det for Sogn og Fjordane har vore ein tilsvarende nedgang.

Eggproduksjonen er auka med 28 prosent på landsbasis siste tiåret, medan utviklinga i dei to vestlandsfylka har vore nokså ulik. Hordaland opplevde ein auke på 17 prosent, medan produksjonen vart redusert med 5 prosent i Sogn og Fjordane. Produksjonen av fjørfekjøt har auka med 40 % på landsplan

frå 2006 til 2016. Det var ein stor reduksjon i Hordaland på nærare 63 prosent i denne perioden. Frå 2008 er det ikkje registrert produksjon av fjørfekjøtt i Sogn og Fjordane.

Tabell 3.4 Produsert mengde kjøtt i ulike produksjonar i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, tonn


	Hordaland			Sogn og Fjordane			Landet		
	2007	2013	2016	2007	2013	2016	2007	2013	2016
Storfekjøtt	3 891	3 586	3473	5 241	4 985	4 623	84 244	83 651	81676
Svinekjøtt	1 868	2 498	2760	1 810	1 702	2 046	117 384	127 516	137716
Saueskjøtt	1 993	2 153	2290	1 983	2 076	2 268	22 929	23 555	25987
Egg	1 647	2 005	1919	1 531	1 362	1 447	53 094	63 713	67870
Fjørfekjøtt	980	754	365	36	-		70 043	104 093	98323

Kjelde: BFJ (2018) Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken

3.4 Økonomi

3.4.1 Jordbruksinntekt – vederlag til arbeid og eigenkapital

Vestlandsbonden har hatt om lag same utviklinga i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk som bøndene i resten av landet, men nivået ligg noko under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka til dette er mindre driftseiningar og vanskelegare driftsforhold. Sjølv om fleire av tilskotsordningane kompensere noko for dette, viser driftsgranskingane at inntekta til vestlandsbonden har vore lågare enn gjennomsnittet for landet i heile perioden, sjå figur 3.10.




Figur 3.12 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk på Vestlandet og for landet, gjennomsnitt alle bruk, deflaterte tal, 2006-2016

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane

Strukturen i mjølkeproduksjonen på Vestlandet er i rask endring som i landet elles. Kvotesystemet har gjort at mjølkeproduksjonen vert verande i same fylke sjølv om det er stor avgang av mjølkeprodusentar. Spørsmål om talet på mjølkeregionar var ein del av jordbruksoppgjeret 2015, men det er førebels ikkje gjort endringar i regionane. Vert ei endring til større regionar innført, kan det føre til at mjølkeproduksjonen i Hordaland og Sogn og Fjordane vert redusert.

Gjennomsnittleg mjølkekvote har auka mykje dei siste åra. I Hordaland og Sogn og Fjordane var gjennomsnittleg kvote på 93 000 liter i 2006. Den har auka til 141 000 liter per driftseining i 2016. Oppkjøp av kvote både gjennom staten og via privat ordning, gjer at snittkvoten vert større.

Økonomien i mjølkeproduksjonen på Vestlandet har vore aukande over tid. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk har auka med kr 120 000 målt i faste kroner frå 2006 til 2016. Dette er litt under nivået for landsgjennomsnittet (sjå figur 3.11).




Figur 3.13 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for mjølkeproduksjon på Vestlandet og for landet, 2006-2016, deflaterte tal

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane


Økonomien i sauehaldet på Vestlandet har vore låg gjennom mange år. Buskapane i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore små. I driftsgranskingane har middelet for Vestlandet lege mellom 100 og 140 vinterfôra sauer siste tiåret. Dette er høgare enn buskapsmiddelet i dei to fylka, då dei minste føretaka ikkje er med i populasjonen til driftsgranskingane. Det vil i praksis seie at buskapar mindre enn 60 vinterfôra sauer ikkje er med. Likevel er økonomien svak. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk har variert mellom kr 100 000 og kr 172 000 i perioden (sjå figur 3.12). Dette er godt under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka er mindre buskapar og lågare produktivitet. Det har vore moderat kostnadsvekst i sauehaldet samanlikna med andre produksjonar dei siste åra. Overproduksjon og lågare priser har svekka lønsemda i sauehaldet ytterlegare.

Ein vanleg driftskombinasjon i vestlandsfylka er mjølkeproduksjon kombinert med sau. Mjølkekvotane er avgrensande for produksjon av mjølk, og for å utnytte grovfôr og utmarksressursar, er sau eit aktuelt alternativ for mange i tillegg til mjølk. Økonomien i denne produksjonen har vore aukande i perioden frå 2006 til 2016, men er litt svakare enn for dei reine mjølkeprodusentane. Samanlikna med resten av landet er utviklinga nokså lik, med unnatak av perioden 2012-2014.



Figur 3.14 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk for bruk med sauehald på Vestlandet og landet, 2006-2016, gjennomsnitt alle bruk, deflaterte tal


Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane



Figur 3.15 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk for bruk med mjølkeproduksjon kombinert med sauehald på Vestlandet og landet, 2006-2016, gjennomsnitt, deflaterte tal

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane

I enkelte område i dei to fylka er frukt- og bærproduksjon viktig. I Hardanger, Sogn og Nordfjord er det kommunar og bygder med sterke produksjonsmiljø for frukt og bær. Økonomien i fruktnæringa varierer mykje frå år til år i takt med avling og prisar (sjå figur 3.14). 2014 var eit veldig godt frukttår, medan 2015 gav dårlege avlingar som følge av en kald vår og sommar. Bruka med frukt og bær i driftsgranskingane er i hovudsak lokalisert på Vestlandet. Denne produksjonen er derfor ikkje samanlikna med landstal.



Figur 3.16 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk for bruk med frukt- og bærproduksjon på Vestlandet, 2006-2016, gjennomsnitt, deflaterte tal

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane

3.4.2 Investeringar


Det har vore positiv nettoinvestering på driftsgranskingsbruka i Hordaland og Sogn og Fjordane kvart år frå 2006 til 2016. Det vil seie at det har vore investert meir enn kapitalslit og fråsal av driftsmidlar. Akkumulert nettoinvestering i perioden viser likevel at det har vore investert 23 prosent mindre i vestlandsfylka enn for landsgjennomsnittet. Dette vil verke negativt for produksjonsevne i tida framover samanlikna med resten av landet. I 2004 kom krav om lausdrift for mjølkekyr og auke i konsesjonsgrenser for kraftfôrbaserte produksjonar. Det førte til store investeringar i driftsbygningar blant mjølkeprodusentane og svinprodusentane. I 2015 viste driftsgranskingane rekordstor investering på Vestlandet. Mjølkeprodusentane investerer framleis stort i driftsbygningar og maskiner. Når det gjeld sauebruka i dei to fylka, har nettoinvesteringane vore ein del lågare samanlikna med mjølkeprodusentane. Figur 3.17 viser årlege nettoinvesteringar for Hordaland og Sogn og Fjordane, og Figur 3.18 viser akkumulert nettoinvestering for åra 2006–2016.

3.4.3 Nettoinntekt

Nettoinntekt er summen av overskot frå alle næringar, løn, pensjon, trygd og kapitalinntekter med frådrag av gjeldsrenter og kår. Nettoinntekta er eit uttrykk for samla inntekter for brukarfamilien.


I motsetnad til driftsoverskot frå jordbruket, varierer nettoinntekta per bruk lite med driftsform, storleik og region. I praksis viser det seg at brukarfamilien hentar inntekter frå ulike kjelder for å ha ein rimeleg levestandard.

Målt i faste kroner har nettoinntekta for Hordaland auka frå om lag kroner 634 000 i 2006 til i om lag kr 910 000 i 2016 (sjå Figur 3.19). Hordaland har hatt noko høgare nettoinntekt i middel enn Sogn og Fjordane i heile perioden. Nettoinntekta i Hordaland har vore på same nivå som landsgjennomsnittet gjennom perioden. Driftsoverskot frå jordbruket utgjorde om lag 39 prosent av nettoinntekta i snitt for dei to fylka.




Figur 3.17 Nettoinvesteringar per bruk i gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet totalt

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane




Figur 3.18 Akkumulert nettoinvestering 2006–2016, gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane



Figur 3.19 Nettoinntekt per brukarfamilie i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2006–2016

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane



Figur 3.20 Del av samla inntekt som kjem frå jordbruket i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2006–2016

Kjelde: NIBIO, Driftsgranskingane

4 Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket


Verdiskaping, eller bruttoprodukt, er verdien av produserte varer og tenester, med frådrag for vareinnsats. Omgrepet er nærare omtalt i kapittel 2. Verdiskaping i jordbruket er berekna på basis av tal frå 2016. Tidlegare er det berekna verdiskaping for dei to vestlandsfylka for 2007 og 2013. I denne rapporten er tal frå dei to tidlegare berekningane gjevne opp i 2016-kroner. Denne prisjusteringa vert gjort for å korrigere for ulikt prisnivå, slik at ein kan samanlikne berekningane for verdiskaping for 2016 med dei tidlegare berekningane.

4.1 Verdiskaping jordbruk

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, bruttoproduktet, er berekna til 1,8 mrd. kroner for 2016, 844 mill. kr frå Hordaland og 956 mill. kroner frå Sogn og Fjordane. Frå 2013 til 2016 er bruttoproduktet redusert med 2 prosent for Hordaland, når ein har teke omsyn til inflasjon, medan det er uendra for Sogn og Fjordane. Sjølv om det er små endringar for fylka totalt, har det vore store endringar for enkelte produksjonar. Dette vert nærare omtalt seinare i kapitlet.




Samdriftsfjøs på Åse. Foto: © Kjersti Kildahl/NIBIO




Figur 4.1 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, 2016, mill. kr

Det er fleire store jordbrukskommunar i dei to fylka. I Hordaland er det Voss som har høgast verdiskaping med 112 mill. kroner. Deretter følgjer Ullensvang (90 mill. kroner), Kvinnherad (84 mill. kroner), og Etne (79 mill. kroner).




Figur 4.2 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå jordbruket i Hordaland, 2007, 2013 og 2016, mill. kr (faste 2016-kr)

I Sogn og Fjordane er det Gloppen som har høgast verdiskaping med kr 116 mill. kr. Deretter følgjer Stryn (99 mill. kr), Luster (73 mill. kr) og Jølster (64 mill. kr).




Figur 4.3 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå jordbruket i Sogn og Fjordane, 2007, 2013 og 2016, mill. kr (faste 2016-kr)


I Hordaland er det er Voss og Kvinnherad som har hatt størst nedgang i bruttoprodukt rekna i 2016-kroner frå 2013 til 2016, med høvesvis 9,1 og 6,2 mill. kroner. Os og Kvam har hatt størst auke med høvesvis 8,8 og 4,4 mill. kroner. I Sogn og Fjordane er det Sogndal og Luster som har hatt størst nedgang i bruttoprodukt rekna i 2016-kroner frå 2013 til 2016, med høvesvis 5,2 og 4,2 mill. kroner. Størst auke fekk Lærdal og Fjaler, med høvesvis 7,4 og 4,8 mill. kroner. Figur 4.4 viser prosentvis endring frå 2013 (i 2016-kroner) til 2016 for dei ti kommunane med høgast bruttoprodukt i kvart fylke.




Figur 4.4 Prosentvis endring i verdiskaping (bruttoprodukt) frå 2013 til 2016 for dei ti største jordbrukskommunane i kvart fylke, målt etter verdiskaping



Figur 4.5 Kart: Bruttoprodukt jordbruk, Hordaland, 2016, mill. kr



Figur 4.6 Kart: Bruttoprodukt jordbruk, Sogn og Fjordane, 2016, mill. kr




Figur 4.7 Verdiskaping frå ulike produksjonar, prosentvis fordeling (produksjonar som utgjør mindre enn 1 prosent er ikkje vist i figuren)


4.2 Produksjonsinntekter og kostnader

Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. Produksjonsinntektene er berekna til 1,96 mrd. kroner for Hordaland og 2,1 mrd. kroner for Sogn og Fjordane i 2016. Av dette var marknadsinntektene høvesvis 1,28 og 1,34 mrd. kroner. Det vier at omlag 66 prosent av inntektene kjem frå marknaden i Hordaland og 64 prosent i Sogn og Fjordane. Samanlikna med 2013 er det 3 prosentpoeng meir i begge fylka.

Figur 4.8 og 4.9 viser kor stor del av produksjonsinntekter som kjem frå marknaden og kor stor del som kjem frå tilskot for kvar av kommunane i dei to fylka. Kommunar med ein samansetning av produksjonar som er retta mot marknaden, til dømes veksthus og frukt, får ein mindre del av inntektene frå tilskot enn kommunar med mykje grovfôrbasert husdyrhald. Særleg i kommunar der sauehald er viktigaste produksjon, kjem ein stor del av produksjonsinntektene frå tilskot.



Figur 4.8 Prosentvis fordeling av marknadsinntekter og tilskot, kommunar i Hordaland, 2016




Figur 4.9 Prosentvis fordeling av marknadsinntekter og tilskot, kommunar i Sogn og Fjordane, 2016

I modellen for berekning av verdiskaping, er kostnadene delt inn i kostnader til leigd hjelp, kostnader til jordleige, avskrivningar og kostnader til varer og tenester. Dei totale kostnadane i jordbruket er berekna til 1,50 mrd. kroner i Hordaland og 1,55 mrd. kroner i Sogn og Fjordane.

Ved berekning av verdiskaping, målt som bruttoprodukt, er det berre kostnader til varer og tenester som vert trekte frå produksjonsinntektene. Kostnader til leigd hjelp og kostnader til jordleige vert rekna som ein del av verdiskapinga og vert ikkje trekte frå produksjonsinntektene. Heller ikkje kostnader til avskrivning vert trekte frå produksjonsinntektene ved berekning av verdiskaping som bruttoprodukt.

Sum kostnader til varer og tenester er rekna til 1,12 mrd. kroner i Hordaland og 1,14 mrd. kroner i Sogn og Fjordane i 2016.



Figur 4.10 Fordeling av kostnader i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, mill. kr og prosentvis fordeling for fylka samla

4.3 Verdiskaping frå dei ulike produksjonane i jordbruket


Mjølkeproduksjon er den største produksjonen i begge fylka. Viktigast er mjølkeproduksjon i Sogn og Fjordane med heile 59 prosent av samla verdiskaping frå jordbruket. I Hordaland står verdiskapinga frå mjølkeproduksjon for 47 prosent av samla verdiskaping. Deretter kjem sauehald med 20 prosent i Hordaland og 17 prosent i Sogn og Fjordane, og frukt- og bærproduksjon med høvesvis 11 og 8 prosent av samla verdiskaping. Prosentvis fordeling av bidraget frå dei ulike produksjonane er vist i Figur 4.7.

4.3.1 Mjølkeproduksjon storfe


Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjølkeproduksjon er berekna til 394 mill. kr for Hordaland og 560 mill. kr for Sogn og Fjordane. Det er ein liten auke på høvesvis 2 og 1 prosent frå 2013. Medan tal mjølkekyr har gått ned med om lag 2 prosent i begge fylka, har prisar på produkta og ytinga auka. Bruka har også blitt større, gjennomsnittleg tal kyr har auka frå 18,1 til 18,3 i Hordaland, og frå 16,6 til 18,3 i Sogn og Fjordane. Det har også skjedd store teknologiske endringar i mjølkeproduksjonen dei siste åra, og det vert meir og meir vanleg med mjølkerobot.

Syssettinga i mjølkeproduksjonen har gått ned i begge fylka. For Hordaland er arbeidsinnsatsen i mjølkeproduksjonen redusert med 44 årsverk og i Sogn og Fjordane med 20 årsverk frå 2013 til 2016. I alt vart det arbeidd 902 årsverk à 1845 timar i mjølkeproduksjonen i Hordaland og 1 352 i Sogn og Fjordane.


Av kommunane i Hordaland, var det Voss som hadde høgast verdiskaping med 84, mill. kr, følgd av Kvinnherad med 56 mill. kr og Etne og Kvam med 34 mill. kr. I Sogn og Fjordane er det Gloppen som har mest mjølkeproduksjon med verdiskaping på 73 mill. kr. Deretter kjem Stryn (60 mill. kr), Jølster (49 mill. kr) og Eid (41 mill. kr).




Figur 4.11 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjøkeproduksjon, Hordaland, 2007, 2013 og 2016, mill. kr (faste 2016-kr)



Figur 4.12 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå mjøkeproduksjon, Sogn og Fjordane, 2007, 2013 og 2016, mill. kr (faste 2016-kr)



Figur 4.13 Kart: Bruttoprodukt frå mjølkeproduksjon, Hordaland, 2016, mill. kr




Figur 4.14 Kart: Bruttoprodukt frå mjølkeproduksjon, Sogn og Fjordane, 2016, mill. kr

4.3.2 Mjølkeproduksjon geit

Verdiskaping (bruttoprodukt) frå geitemjølkeproduksjon er berekna til 21 mill. kr for Hordaland og 50 mill. kr for Sogn og Fjordane i 2016. Det er ein auke på 8 prosent for Hordaland og 20 prosent for Sogn og Fjordane. Geitehaldet var i mange år prega av alvorlege sjukdomsutbrot, og i kampen mot sjukdommene CAE¹¹, paratuberkolose og byllesjuka vart mange geiteflokkar sanerte. Dette påverka resultatet for geitemjølkeproduksjonen i 2013. Frå 2013 til 2016 er talet geiter auka i dei to vestlandsfylka, med 15 prosent i Hordaland og 21 prosent i Sogn og Fjordane. I alt var det søkt om tilskot til 2 507 geiter i Hordaland og 5 893 i Sogn og Fjordane i 2016.

I Sogn og Fjordane var det geitemjølkeproduksjon i 13 kommunar. Høgast verdiskaping (bruttoprodukt) frå geitemjølkeproduksjon var det i Aurland med 11 mill. kr. I Hordaland er det Etne som har høgast verdiskaping frå geitemjølkeproduksjon med 9 mill. kr i 2016.



Figur 4.15 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå geitemjølke, Hordaland og Sogn og Fjordane 2016, mill. kr

¹¹ Caprin Arthritis Encephalitis

4.3.3 Sauehald

Sauehaldet står sterkt på Vestlandet, og er den nest største produksjonen målt i verdiskaping i begge fylka. Verdiskaping (bruttoprodukt) frå sauehaldet er berekna til 172 mill. kr i Hordaland og 166 mill. kr i Sogn og Fjordane i 2016. I Hordaland har sauefallet auka med 4 prosent og var ved inngangen av året på 109 264 dyr i 2016. I tillegg til tradisjonelt sauehald, er det eit relativt stort innslag av utegangarsau i Hordaland. Etter 1.1.2014 er det ikkje tal for kor mange utegangarsauer det er, det er derfor ikkje skilt mellom utegangarsauer og andre sauer i modellen ved berekningane for 2016. Ved telledato 1.1.2014 var det 9199 utegangarsauer i fylket.- Særleg i kommunane Austevoll, Lindås og Radøy er innslaget av utegangarsau stort, og desse tre kommunane har hatt nær 60 prosent av utegangarsauene i fylket. I Sogn og Fjordane auka sauefallet med 2 prosent frå 2013 til 2016, og det var i alt 92 347 sauer ved inngangen av 2016.

Sjølv om sauefallet har auka noko i dei to fylka, har det vore eins stor nedgang i bruttoproduktet frå sauehaldet. Vanskeleg marknadssituasjon og nedgang i kjøtprisen for sau og lam, har ført til reduksjon i verdiskaping frå denne produksjonen. Tilskot utgjør høvesvis 63 og 59 prosent av dei totale produksjonsinntektene i Hordaland og Sogn og Fjordane. Skilnaden i tilskotsandel skuldast ulik kjøtproduksjon og ulik fordeling mellom storleiksgruppene.


Arbeidsinnsatsen i sauehaldet er berekna til 1 123 årsverk à 1845 timar for Hordaland og 963 årsverk for Sogn og Fjordane i 2016. Det er høvesvis 44 og 66 årsverk mindre enn i 2016.

Voss er den kommunen i Hordaland som har størst verdiskaping frå sauehaldet med 17 mill. kroner, følgt av Lindås (15 mill. kr), Kvinnherad (14 mill. kr), Sveio (14 mill. kr) og Etne (13 mill. kr).


Luster kommune har størst verdiskaping frå sauehaldet med 20 mill. kr i 2016, følgt av Sogndal og Gloppen (12 mill. kr) og Vik og Stryn (11,0 mill. kr).




Foto: © Morten Günter/NIBIO




Figur 4.16 Verdiskaping (bruttoproduct) frå sauehald, Hordaland, 2007, 2013 og 2016, målt i faste 2016 kr



Figur 4.17 Verdiskaping (bruttoverdiskaping) frå sauehald, Sogn og Fjordane, 2007, 2013 og 2016, målt i faste 2016 kr



Figur 4.18 Kart: Bruttoprodukt frå sauehald, Hordaland, 2016, mill. kr



Figur 4.19 Kart: Bruttoprodukt frå sauehald, Sogn og Fjordane, 2016, mill. kr

4.3.4 Storfekjøtt

Ein stor del av kjøtproduksjonen på storfe skjer i kombinasjon med mjølkeproduksjon, eller med innkjøpte NRF-kalvar. I modellen er det føresettt at denne delen av kjøtproduksjonen i hovudsak er fanga opp på mjølkeproduksjonsbruka, og det er tal ammekyr som er utgangspunkt for estimata av verdiskaping for storfekjøtt.

Fleire som sluttar med mjølkeproduksjon, legg om produksjonen til kjøtproduksjon med ammekyr, og i ei årrekke har det vore auke i talet ammekyr. I 2016 var det 2 839 ammekyr i Hordaland og 1 914 i Sogn og Fjordane, ein auke på 1 prosent frå 2013 i Hordaland og ein nedgang på 1 prosent i Sogn og Fjordane.


Sjølv om det ikkje var store endringar i talet ammekyr frå 2013 til 2016, har verdiskapinga (bruttoproduktet) auka monaleg i begge fylka, med 11 prosent i Hordaland og 23 prosent i Sogn og Fjordane. I alt var verdiskapinga frå produksjon av storfekjøtt 56 mill. kr i Hordland og 44 mill. kr i Sogn og Fjordane i 2016. Ulik utvikling i bruttoproduktet for dei to fylka skuldast i hovudsak høgare kjøtproduksjon i Sogn og Fjordane enn i Hordaland.

I Hordaland er det særleg Kvinnherad som har mykje kjøtproduksjon på ammekyr, med ei verdiskaping på 8,0 mill. kroner i 2016, følgt av Etne (7 mill. kr) som hadde ein stor auke frå 2013. I Sogn og Fjordane er det Luster kommune høgast verdiskaping frå kjøtproduksjon, med 7 mill. kr i 2016.


Arbeidsinnsatsen i denne produksjonen rekna til 135 årsverk à 1 845 timar i Hordaland og 106 årsverk i Sogn og Fjordane for 2016.



Foto ©: Heidi Knutsen/NIBIO



Figur 4.20 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå kjøtproduksjon med ammeku, Hordaland, 2007, 2013 og 2016, mill. kr






Figur 4.21 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå kjøtproduksjon med ammeku, Sogn og Fjordane, 2007, 2013 og 2016, mill. kr

4.3.5 Kraftfôrbasert husdyrhald

Kraftfôrbasert husdyrhald inkluderer svinehald, egg- og fjørfekjøttproduksjon. Det er lite kraftfôrbasert husdyrhald i dei to vestlandsfylka, og totalt er verdiskaping frå kraftfôrbasert husdyrhald berekna til 42 mill. kr for Hordaland og 30 mill. kr for Sogn og Fjordane. Det er svinehald som utgjer størstedelen av bruttoproduktet i begge fylka, 71 prosent i Hordaland og 73 prosent i Sogn og Fjordane.

I Hordaland er det Etne som har mest kraftfôrbasert husdyrhald (16 mill. kr) og i Sogn og Fjordane er det Gloppen (9 mill. kr)



Figur 4.22 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå kraftførbasert husdyrhal, Hordaland og Sogn og Fjordane, 2013 og 2016, og for dei 10 kommunane med høgast bruttoprodukt i kvart fylke, mill. kr

4.3.6 Birøkt

Verdiskapinga (bruttoproduktet) for birøkt i dei Hordaland er utrekna til 2,4 mill. kr for 2016 basert på det talet bikubar det vart søkt tilskot til, og til 1,2 mill. kr i Sogn og Fjordane.

I alt vart det søkt om tilskot til 1 049 kubar i Hordaland og 519 kubar i Sogn og Fjordane. Tal kubar er auka med 3 prosent i Hordaland og nær dobla i Sogn og Fjordane frå 2013. Også oppnådde prisar på honning har auka, slik at bruttoproduktet er auka med ca. 1 mill. kr i begge fylka frå 2013 til 2016.

I tillegg til honningproduksjon har birøkt ei viktig oppgåve med pollinering innan fruktnæringa. På landsbasis vert det rekna med at verdiskapinga for pollinering langt overstig verdien av honningproduksjonen (Norges Birøkterlag). Denne verdien er vanskeleg å fastslå. Meirproduksjonen for frukt- dyrkarane kjem fram som verdiskaping i frukt.

Arbeidsinnsats i birøkt er utrekna til 5 årsverk i Hordaland og 2,5 i Sogn og Fjordane.

4.3.7 Grønsaker, korn og poteter


Det vert dyrka relativt lite grønnsaker, poteter og korn på Vestlandet. Totalt vart det søkt om tilskot 306 dekar til desse produksjonane i Hordaland i 2016. I Sogn og Fjordane vart det søkt om til saman 1443 dekar, av det var 903 dekar potet og 430 dekar grønnsaker. Verdiskaping (bruttoprodukt) frå grønnsaker, poteter og korn er berekna til 1,7 mill. kr i Hordaland og 17 mill. kr i Sogn og Fjordane i 2016. Det er Det er i hovudsak i Lærdal det vart produsert poteter og grønnsaker, og 88 prosent av verdiskapinga (15 mill. kr) kjem frå Lærdal.

4.3.8 Frukt og bær


Ullensvang er den største fruktkommunen i landet, med 5 502 dekar frukt og bær. Medan det nesten ikkje er bærproduksjon igjen i Hordaland, har det vore satsa stort på bær i Sogn og Fjordane .Av det totale frukt- og bærarealet i fylket på 5 118 dekar, var 2 302 dekar bær.

Verdiskapinga frå frukt og bær er berekna til 96,5 mill. kr i Hordaland i 2016, ein auke på 9 prosent frå 2013. Ullensvang stod for 78 prosent av verdiskapinga frå frukt og bær i fylket i 2016. I Sogn og Fjordane er verdiskaping (bruttoprodukt) frå frukt og bær berekna til 78 mill. kr i 2016, ein auke på 5 prosent frå 2013. I Sogn og Fjordane er produksjonen spreidd på fleire kommunar Størst i 2016 var Stryn med 14,5 mill. kr.

Arbeidsinnsatsen er berekna til 223 årsverk à 1845 timar i Hordaland og 189 årsverk i Sogn og Fjordane i 2016.



Figur 4.23 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå frukt- og bærproduksjon, Hordaland, 2007, 2013 og 2016, kommunar med bruttoprodukt høgare enn 1 mill. kr



Figur 4.24 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå frukt- og bærproduksjon, Sogn og Fjordane, 2007, 2013 og 2016, kommunar med bruttoprodukt høgare enn 1 mill. kr

4.3.9 Veksthus og planteskole

I nokre bygder på Vestlandet har veksthus vore ei viktig næring gjennom mange år. Det er stort sett dyrking av snittblomar og potteplanter vi finn i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er lite grønsaksdyrking i veksthus i fylket, men det vert dyrka noko agurk og salat i Hordaland. I motsetnad til mykje av landbruket elles, er storparten av veksthusnæringa mindre skjerma for import og konkurrerer nærmast fritt på verdsmarknaden. Økonomien har variert mellom anna ved svingande energiprisar og tilbod av rimeleg importvare i marknaden. Mengde verksemder har falle frå dei siste åra, men framleis er det stor produksjon i enkelte kommunar. Den samla verdiskapinga frå veksthus og planteskolar er rekna til 58 mill. kroner i Hordaland og 7 mill. kr i Sogn og Fjordane i 2016. Sysselsetting er berekna til høvesvis 178 og 25 årsverk à 1845 timar i dei to fylka.

Berekninga for veksthus og planteskule er meir usikker enn for andre produksjonar i jordbruket der ein kan bruke søknader om produksjonstilskot som utgangspunkt for berekningane. Av kommunane i Hordaland er det Kvam som har høgast verdiskaping med 16 mill. kr etterfølgt av Os (12 mill. kr) og Ulvik (10 mill. kr). I Sogn og Fjordane var det berre Sogndal som hadde verdiskaping på meir enn 1 mill. kr frå veksthus og planteskole med 4 mill. kr i 2016.

4.3.10 Pelsdyr

Pelsdyrnæringa har i lang tid vore omstridt, og det går mot ei styrt avvikling av næringa fram mot årsskiftet 2024/2025. Mange av oppdrettarane i Hordaland og Sogn og Fjordane har alt lagt ned aktiviteten, og det er berre eit fåtal pelsdyrfarmer igjen. Det aller meste av norsk skinnproduksjonen har gått gjennom Oslo skinnauksjon fram til og med 2017, men frå og med 2018 samarbeider Norges Pelsdyrslag med Kopenhagen Fur i København om sal og sortering.

Produksjon av skinn frå pelsdyr er avhengig av tilhøva på verdsmarknaden, og har svinga mykje dei siste tiåra. Dei siste åra har det vore svak lønsemd i næringa etter ein topp i 2013.


Middeltal for sesongen 2016 viser at det vart omsett reveskinn for 1,9 mill. kroner frå produsentane i Hordaland. Verdiskapinga er berekna til 0,3 mill. kroner. Det var ein nedgang på 1,9 mill. kr frå 2013, rekna i faste 2016-kr. Det vart lagt ned 2,6 årsverk i denne produksjonen i 2016 i Hordaland.

I Sogn og Fjordane er var omsetninga på kr 4,9 mill. kr i 2016. Verdiskapinga er rekna til 0,7 mill. kr, og dette er ein nedgang på 6,7 mill. kr frå 2013. Den store nedgangen skuldast dårleg pris på skinn og nedgang i produksjonen. Av kommunane i Sogn og Fjordane er det Gloppen som står for 61 prosent av verdiskapinga i pelsdyrnæringa. I Sogn og Fjordane vart det lagt ned 6,8 årsverk i næringa i 2016.


4.4 Årsverk i jordbruket

I modellen for berekning av verdiskaping er det lagt inn arbeidsforbruk for dei ulike produksjonane. Modellen kan derfor også seie noko om sysselsettinga i jordbruket. Tal frå modellen viser at det til saman er arbeidd 4,9 mill. timar i jordbruket i Hordaland i 2016. Dette svarar til 2 656 årsverk á 1 845 timar, og er ein nedgang frå 2013 på 44 årsverk frå 2013. Det er i sauehaldet det er arbeidd flest timar i Hordaland, og denne produksjonen utgjer totalt 42 prosent av samla arbeidsforbruk i fylket. Deretter følgjer mjølkeproduksjon med 35 prosent av arbeidsforbruket.

I Sogn og Fjordane er det til saman er arbeidd om lag 5,1 mill. timar i jordbruk i 2016. Dette svarar til 2 777 årsverk á 1 845 timar. Det er ein nedgang på 110 årsverk frå 2013. Totalt utgjer mjølkeproduksjon på ku og geit 52 prosent av sysselsettinga i jordbruket i Sogn og Fjordane i 2016. Sauehaldet utgjer 35 prosent.




Figur 4.25 Arbeidsinnsats i ulike produksjonar 2016, prosentvis fordeling




Figur 4.26 Arbeidsinnsats i jordbruket, ulike produksjonar, 2016 og 2013, årsverk à 1 845 timar

Det er Voss som har flest årsverk i jordbruket med 330, etterfølgt av Kvinnherad og Ullensvang med høvesvis 241 og 228 årsverk. Saman med Etne, Kvam og Lindås, står desse kommunane for over halvparten av sysselsettinga i jordbruket i Hordaland.




Figur 4.27 Arbeidsinnsats i jordbruket i Hordaland, årsverk à 1 845 timar, 2007, 2013 og 2016


I Sogn og Fjordane er det Gloppen som har flest årsverk à 1 845 timar i jordbruket i 2016 med 290. Deretter følger Stryn med 267 og Luster med 237.



Figur 4.28 Arbeidsinnsats i jordbruket i Sogn og Fjordane, årsverk à 1 845 timar, 2007, 2013 og 2016



Figur 4.29 Kart: Arbeidsinnsats i jordbruket, Hordaland, 2016, årsverk à 1 845 timar




Figur 4.30 Kart: Arbeidsinnsats i jordbruket, Sogn og Fjordane, 2016, årsverk à 1 845 timar


4.5 Verdiskaping per årsverk i jordbruket

I Hordaland er verdiskaping per årsverk i jordbruket, målt som bruttoprodukt per årsverk, berekna til kr 318 000 per årsverk, og i Sogn og Fjordane kr 344 000 per årsverk. I Hordaland er det Etne, Ullensvang og Os som har høgast verdiskaping per årsverk med høvesvis kr 397 000, kr 395 000 og kr 393 000. I Sogn og Fjordane er det Lærdal som ligg høgast med kr 419 000 per årsverk, følgd av Gloppen med kr 399 000 og Jølster med kr 359 000.


Av produksjonane er det svinehaldet som har høgast verdiskaping per årsverk med kr 805 000 i Hordaland og kr 763 000 i Sogn og Fjordane. per årsverk, tett følgd av fjørfekjøtt (Hordaland) med kr 802 000. Det er ikkje produksjon av fjørfekjøtt i Sogn og Fjordane. Lågast ligg sauehaldet med 153 000 per årsverk i Hordaland og 173 000 i Sogn og Fjordane. Skilnader mellom fylka skuldast til dømes ulik gjennomsnittstorleik på besetningane, ulik kjøttproduksjon eller ulike kulturar, som at det er meir grøn-saker og bær i Sogn og Fjordane enn i Hordaland.



Figur 4.31 Verdiskaping (bruttoprodukt) per årsverk 2016, kommunar i Hordaland, 1000 kr



Figur 4.32 Verdiskaping (bruttoprodukt) per årsverk 2016, kommunar i Sogn og Fjordane, 1000 kr




Figur 4.33 Verdiskaping (bruttoprodukt) per årsverk 2016, ulike produksjonar

5 Utvikling, sysselsetting og verdiskaping i skogbruket

5.1 Utvikling i skogbruket

I rapportane frå 2015 går strukturutviklinga i skogbruket i 2013 fram av rapportanes kapittel 3.2. Fleire elementa som inngår i strukturutviklinga har ikkje endra seg nemneverdig på tre år, og i dette kapitlet vil det derfor være fokus på avverkinga som gjerne varierer meir frå eit år til eit anna. For tal skogeigedommar, skogavverking per eigedom, produktivt skogareal, ståande kubikkmasse og brutto nettotilvekst visast det derfor til dei to rapportane frå 2015 (Knutsen m.fl., 2015 a og b).


For dei fleste skogeigarane er avverking av skog den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen. Den førre verdiskapingsrapporten baserte seg på tal frå 2013. Då vart det levert 8,9 mill. m³ tømmer til skogindustrien. Kvantum avverka industrivirke for sal har på landsbasis auka årleg sidan 2009. I 2016 utgjorde avverkinga 10,3 mill. m³ nasjonalt. Av Figur 3 går avverking per fylke i 2016 fram. Hedmark skil seg klart ut når det gjeld kvantum avverking. Hedmark aleine stod for 27 prosent av avverkinga her til lands. Avverkinga i Sogn og Fjordane utgjorde 1,4 prosent av landet i 2016 (1,7 prosent i 2013), medan Hordaland hadde 3,1 prosent (1,9 prosent i 2013) av avverkinga dette året. Til saman utgjorde avverkinga i dei to fylka 4,5 prosent, samla sett noko høgare enn det fylka utgjorde for avverkinga i 2013. I årsmeldinga til Vestskog frå 2016 kan ein lese at 2016 var det første heile driftsåret etter fusjonen med skogeigarlaga i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Året var ga den høgaste tømmeromsetninga i skogeigarsamvirket på vestlandet, og er grunna med innsatsen lagt ned for å avverke og skape verdiar av skogane som no blir hogstmoden.



Figur 5.1 Avverking industrivirke for sal. 2016. 1000 m³. Fylke sortert etter avtakande avverking.

Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Om vi ser på avverkinga over tid, som vist i Figur 2, kan ein sjå at avverkinga i Hordaland har auka sidan 2009. Sogn og Fjordane opplevde ei auke i avverking i åra 2009 til 2014, medan avverkinga gjekk ned i 2015 for deretter å auke noko i 2016.




Figur 5.2 Avverking av industrivirke for sal i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet 2008-2016. 1000 m3. For landet er kvantum delt på 100. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Kjelde: Statistikkbanken, SSB


Figur 5.3 og Figur 5.4 visar avverkinga i kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane for 2013 og 2016. I Hordaland hadde Bergen størst avverking i 2016 (12 prosent av avverkinga i fylket) etterfølgt av Voss, Fusa, Lindås og Kvinnherad (9 prosent for kvar kommune). I 2013 låg derimot Voss på topp med 31 prosent av avverkinga. Deretter følgd Ullensvang (16 prosent) og Bergen (9 prosent). Frå avverkinga i kommunane i 2013 kan ein sjå at svært mange av kommunane i Hordaland har hatt ei stor auke i avverkingskvantum i 2016.

I Sogn og Fjordane hadde Stryn høgast avverkingskvantum både for 2013 (22 prosent av fylket) og 2016 (21 prosent). Eid avverka nest mest med 17 prosent av fylket i 2013 og 13 prosent i 2016. Deretter følgde Gulen i 2016 (11 prosent) og for 2013 følgde Gloppen med 15 prosent av avverkinga.



Figur 5.3 Avverking kommunar i Hordaland 2016 og 2013. m3. Sortert avtakande etter avverking i 2016.

Kjelde: Statistikkbanken, SSB



Figur 5.4 Avverking kommunar i Sogn og Fjordane. 2016 og 2013. m3. Sortert avtakande etter avverking i 2016.

Kjelde: Statistikkbanken, SSB


5.2 Sysselsetting i skogbruket

Til grunn for presentasjon av samla sysselsetting innanfor skogbruket ligg SSBs årlege kommunefordelte sysselsettingsstatistikk etter arbeidsstad og arbeidsinnsats i skogbruket.

Figur 5.5 presenterer sysselsette etter arbeidsstad i næringa 02 Skogbruk for dei ulike fylka for 2013 og 2016. Statistikken frå 2013 og 2016 bygger på to ulike datakjelder, og er ikkje utan vidare samanliknbare, jamfør kapittel 2.5.1.

For 2016 finn vi flest sysselsette i Hedmark (1 100 personar), Oppland (630 personar) og Buskerud (600 personar), medan det i Hordaland og Sogn og Fjordane var høvesvis 140 og 100 sysselsette i skogbruket i 2016.

Sysselsette i skogbruket



Figur 5.5 Sysselsetting etter arbeidsstad, næring 02 skogbruk. 2016 og 2013.

Skognæringas tyding for sysselsetting i fylket vert målt ved bruk av lokaliseringkvotientar, sjå kapittel 2.5.2. Figur med fylkesvise lokaliseringkvotientar for skogbruket i 2016 vert vist på side 99. Med ein lokaliseringkvotient på 0,25 er skogbruksnæringa i Hordaland sterkt underrepresentert samanlikna med landsnittet. Sogn og Fjordane har ein lokaliseringkvotient lik 0,87 og skognæringa reknast som noko underrepresentert.

I den næringsfordelte statistikken var 58 prosent av dei sysselsette i skogbruket i Hordaland registrert på næringskoden 02.200 Avverking, og 22 prosent på kode 02.400 Tenester tilknytt skogbruk. For Sogn og Fjordane hadde 02.400 Tenester tilknytt skogbruk (55 prosent) størst del sysselsette i 2016, medan 02.200 Avverking utgjer 35 prosent av sysselsettinga i skogbruket.

5.3 Verdiskaping i skogbruket

For dei fleste skogeigarane er avverking av skog den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen. Den førre verdiskapingsrapporten baserte seg på tal frå 2013. Då vart det levert 8,9 mill. m³ tømmer til skogindustrien. Kvantum avverka industrivirke for sal har på landsbasis auka årleg sidan 2009. I 2016 utgjorde avverkinga 10,3 mill. m³ nasjonalt.

I Hordaland var avverkinga 0,32 mill. m³ i 2016, og svarte til tre prosent av avverkinga for landet. I Sogn og Fjordane vart det avverka 0,14 mill. m³, som tilsvara om lag eit prosent av landets avverking i 2016.

For Sogn og Fjordane er avverkinga for 2016 fem prosent lågare enn ho var i 2013, medan Hordaland har hatt 91 prosent auking i avverkingskvantum for same periode.

Avverking av industrivyrke for sal er ikkje den einaste inntektskjelda frå skogseigedommen. Til og med 2012 rekna Statistisk sentralbyrå årleg totalrekneskapen for skogbruket. I tillegg til avverking, er avverking av virke til eige bruk, ved til sal og eige bruk, juletre og pyntegrønt, jakt (som blir leige ut) og netto tilvekst tillagt skogseigedommens inntekter. Både på fylkesnivå og kommunenivå er det uvisse ved verdiskapingsutrekningane da tilgangen på verifiserte data varierer. Alle elementa som inngår i totalrekneskapen og føresetnadene vi har lagt til grunn for å rekne ut kor mykje av totalrekneskapen for skog som kan tilskrivast ressursar og aktivitet i Hordaland og Sogn og Fjordane, går fram av kapittel 2.2.2. I grove trekk er det hogstkvantumet samt lagerendring, eller netto tilvekst, som utgjør produksjonen innanfor næringa skogbruk.

Tabell 5.1: Bruttoprodukt/verdiskapinga i skogbruket. 2016. Hordaland og Sogn og Fjordane.

	2016 i 1000 kr	
	Hordaland	Sogn og Fjordane
Tømmer for sal	91 998	41 068
Vyrke til eige bruk	967	429
Vyrke til ved	333	113
Juletrær og pyntegrønt	18 829	5 871
Jakt	12 442	12 007
Nettotilvekst	58 815	67 806
Skogprodukt i alt	183 385	127 295
Produksjon av tenester for skogbruket	49 188	21 957
Verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsveggar	4 860	2 169
Sum inntekter	237 432	151 421
Produktinnsats	78 544	35 062
Bruttoprodukt i skogbruket	158 888	116 359

Kjelde: Eigne utrekningar på grunnlag av m.a. SSB

Bruttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket for fylka Hordaland og Sogn og Fjordane går fram av Tabell 5.1. Tabellen viser at bruttoverdi på avverking av tømmer for sal i 2016 i Hordaland var på om lag 92 mill. kroner, medan den i Sogn og Fjordane var på om lag 41 mill. kroner. Avverking for sal samt verdien av netto tilvekst utgjør 82 prosent av skogprodukt i alt i Hordaland og 85 prosent i Sogn og Fjordane. Avverkinga for sal i Hordaland har hatt ei stor auking frå 2013, men dette gjer også at verdien av nettotilveksten i fylket er redusert betrakteleg. Medan verdien av i 2013 var 108 mill. kroner (i 2016-kroner), var den i 2016 59 mill. kroner.

I dei førre verdiskapingsrapportane i Hordaland og Sogn og Fjordane (Knutsen mfl., 2015a og Knutsen, 2015b) var også uttak av energiflis inkludert. Støtteordninga for uttak av energiflis vart avvikla i 2013, er energiflis utelate i denne berekninga. Juletre- og pyntegrøntproduksjonen gir også bidrag til verdiskapinga i skogbruket, med ti og fem prosent av skogprodukta i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2016 genererte jakt ei verdiskaping på nesten 12,5 og 12 mill. kr. i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. Av skogprodukta utgjør jakt sju prosent i Hordaland og ni prosent i Sogn og Fjordane. Samla verdi for skogprodukta i 2016 er berekna til ca. 183 mill. kroner i Hordaland og 127 mill. kroner i Sogn og Fjordane.


Produksjon av tenester i skogbruket gjeld investeringsarbeid i skogkultur, tømmermåling, driftsplanar og skogplantar og entreprenørtenester (Zahirovic, 2012). For Hordaland og Sogn og Fjordane er verdien av denne produksjonen rekna til å utgjere høvesvis 49 og 22 millionar kroner for 2016. Verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsveggar er rekna til å utgjere 5 og 2 millionar kroner i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Etter dette er verdien av samla produksjon innanfor skogbruksnæringa i 237 millionar kroner i Hordaland og 151 millionar kroner i Sogn og Fjordane. Produksjonen fråtrekt produktinnsatsen gir bruttoproduktet for skogbruket. I 2016 var bruttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket 159 millionar kroner i Hordaland og 116 millionar kroner i Sogn og Fjordane. Ved berekningane for 2013 var bruttoproduktet for skogbruket i dei to fylka 170 og 144 millionar kroner (omrekna til 2016-kroner) i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane.

Figur 5.8 og Figur 5.9 gir eit oversyn over det ulike bidraga frå skogprodukta til bruttoproduktet i den einstilte kommune i dei to fylka. Avverking gjeld avverking for sal, vyrke til eige bruk og vyrke til ved. Av Figur 5.8 går det fram at Voss hadde størst bidrag frå skogprodukta i Hordaland. Deretter følgjer Kvinnherad, Ullensvang, Lindås og Bergen. Desse kommunane var også dei kommunane som hadde størst bidrag til skogprodukta i 2013. Fedje, Øygarden og Sund kommunar hadde minst bidrag til skogprodukta. Ser ein nærmare på den einstilte kommunen ser ein at Bergen og Voss hadde størst verdi avverking, og i kommunane Fedje og Eidfjord hadde verdi avverking lik null for 2016. Nettotilveksten, eller lagerendringa, varierer også mellom kommunane. Størst nettotilvekst var det i Voss kommune.




Foto ©: Kjersti Holt Hanssen/NIBIO




Figur 5.6: Skogprodukt i alt. Verdi (1000 kr) avverking, juletre og pyntegrønt, jakt og nettotilvekst. Kommunar i Hordaland i 2016. Sortert avtakande etter samla verdi for skogprodukt i alt.

For Sogn og Fjordane, sjå Figur 5.9, var det Stryn, som i 2013, hadde størst bidrag til skogproduktet. Etter Stryn følgjer Gloppen, Eid, Luster og Sogndal kommunar. Desse kommunane var også på topp fem i 2013. Minst bidrag finn vi i kommunane Solund, Selje og Vågsøy. Høgst avverkingsverdi var det Stryn som stod for. Av kommunane i Sogn og Fjordane var det fire kommunar utan registrert avverking: Solund, Vågsøy, Aurland og Lærdal kommunar.




Figur 5.7: Skogprodukt i alt. Verdi (1000 kr) avverking, juletre og pyntegrønt, jakt og nettotilvekst. Kommunar i Sogn og Fjordane i 2016. Sortert avtakande etter samla verdi for skogprodukt i alt.

Verdiskapinga/bruttoproduktet til den einkilde kommune er vist i Figur 5.8 (Hordaland) og Figur 5.9 (Sogn og Fjordane). Dette visast også i påfølgande kart. I Hordaland hadde Voss (18,2 mill.kr.), Kvinnherad (13,7 mill.kr.) og Ullensvang (11,6 mill. kr.) størst verdiskaping i 2016. Minst verdiskaping finn vi i Fedje (92 000 kr) og Øygarden (0,3 mill. kr.). I Sogn og Fjordane hadde Stryn (11 mill. kr.) i 2016, etterfølgt av Gloppen (9 mill. kr.), Eid (7,6 mill. kr.) og Luster (7,4 mill. kr.) størst verdiskaping i skogbruket. Minst verdiskaping hadde kommunane Solund (0,3 mill. kr.) og Selje (0,7 mill. kr.).



Figur 5.8: Bruttoproduct/verdiskaping i Hordalandskommunar i 2016. Sortert etter avtakande bruttoprodukt. 1000 kr.

Kjelde: Eigne utrekningar på grunnlag av m.a. SSB




Figur 5.9: Bruttoprodukt/verdiskaping i kommunar i Sogn og Fjordane 2016. Sortert etter avtakande bruttoprodukt. 1000 kr.

Kjelde: Eigne utrekningar på grunnlag av m.a. SSB


Inntekta til skogeigarane er noko anna enn samla produksjon i skogbruksnæringa. Om vi tek ut tømmer til eige bruk, netto tilvekst og produksjon av tenester og verdien av eige arbeid ved skogkultur og bygging av skogsvegar, finn vi eit overslag på omsetning og verdiskaping i gardsskogbruket. Tabell 5.2 visar ei omsetning i gardsskogbruket i Hordaland på 124 millionar kroner og ei verdiskaping på 45 millionar kroner for 2016. I Sogn og Fjordane var denne omsetninga 59 millionar kroner og verdiskapinga 24 millionar kroner. Tala inkluderer vyrke til ved og utleige av jakt, medan sal/utleige/festeavgift til fast eigedom, guiding/betaling for jaktoplevingar, gardssagbruk og anna foredling av tre som ikkje er inkludert. Med unntak av avverking for sal er verdien av tilleggsnæringane, slik som jakt og produksjon av ved, rekna med utgangspunkt i eir sett av føresetnader, jamfør kapittel 2.

Tabell 5.2: Omsetning og verdiskaping i gardsskogbruket. Hordaland og Sogn og Fjordane. 2016.

	2016 i 1000 kr	
	Hordaland	Sogn og Fjordane
Tømmer for sal	91 998	41 068
Vyrke til ved	333	113
Juletre og pyntegrønt	18 829	5 871
Jakt	12 442	12 007
Skogprodukt i alt	123 603	59 059
Produktinnsats	78 544	35 062
Bruttoproduktet i skogbruket	45 059	23 997



Figur 5.10 Kart: Bruttoprodukt frå skogbruk, Hordaland, 2016, mill. kr



Figur 5.11 Kart: Bruttoprodukt frå skogbruk, Hordaland, 2016, mill. kr

Det er grunn til å tru at det vil vere avvik mellom inntektene skogeigarane oppnår og desse verdiutrekningane. I tillegg er det grunn til å tru at ein del av dei kalkulerte inntekta frå jakt og vedproduksjon som er med i totalrekneskapen, ikkje er med i gardbrukarens næringsinntekt frå skogbruket. Inntekta frå avverking variera mellom år. Skattelovas § 14-8 opnar for at det innanfor skogbruket kan gjerast inntektsutjamning og gjennomsnittsligning ved at inntekta blir fastsett til gjennomsnittleg årsinntekt dei siste fem heile kalenderåra.

Tabell 5.3 viser eit utdrag av inntektsstatistikken for 2016 frå Statistisk sentralbyrå. I underkant av 700 skogeigarar hadde positiv næringsinntekt frå skogbruket i Hordaland i 2016, medan Sogn og Fjordane hadde i overkant av 720 skogeigarar med positiv næringsinntekt frå skogbruket. Den gjennomsnittlege næringsinntekta frå skogbruket i dei to fylka var 21 000 kr og 20 000 kr i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette er i underkant av halvparten av gjennomsnittet på landsbasis. Samla utgjorde totalinntekta frå skogbruket 14 mill. kr. i Hordaland og 15 mill. kr for Sogn og Fjordane. Desse skogeigarane hadde ei totalinntekt frå jordbruket på 116 mill. i Hordaland og 154 i Sogn og Fjordane i 2016, medan den totale bruttoinntekta var 414 og 426 mill. kr. i desse fylka. I 2016 utgjorde inntekta frå skogbruket berre fire (Hordaland) og tre prosent (Sogn og Fjordane) av brutto inntekt mot seks prosent på landsbasis.

Tabell 5.3: Inntekt for skogeigarar ned positiv næringsinntekt frå skogbruket i landet og fylka Hordaland og Sogn og Fjordane i 2016.

2016	Tal skogeigarar med positiv næringsinntekt skogbruk	Gjennomsnittleg næringsinntekt skogbruk (kr)	Total inntekt skogbruk (mill.kr)	Total inntekt jordbruk (mill. kr)	Total brutto inntekt (mill.kr)	Inntekt skogbruk som del av inntekt jordbruk (prosent)	Inntekt skogbruk som del av brutto inntekt (prosent)
Hordaland	697	21 000	15	116	414	13 %	4 %
- av landet	4 %	49 %	2 %	3 %	3 %	63 %	55 %
Sogn og Fjordane	722	20 000	14	154	426	9 %	3 %
- av landet	4 %	47 %	2 %	4 %	3 %	47 %	53 %
Landet	19 537	43 000	840	4 200	13 051	20 %	6 %

Kjelde: Statistikkbanken, SSB

6 Landbruksbasert tilleggsnæring

I dei seinare åra har det vore satsa mykje på tilleggsnæringar i landbruket. Det har vore lagt vekt på å nytte ut alle ressursane på gardsbruket i næringsssamanheng. Bygdeutviklingsmidlar har vore eit viktig verktøy i arbeidet med å leggje til rette for nye næringar knytt til norske gardsbruk. Det har mellom anna vore satsa på landbruksbasert reiseliv og foredling av råvarene som vert produsert lokalt, slik at ein større del av verdiskapinga vert verande på bruket. Inn på tunet er ei anna satsing. På Inn på tunet-gardane vert garden nytta som arena for ulike velferdstenester.

Berekningane av verdiskaping i tilleggsnæringar er baserte på frekvenstal frå SSB for 2016 og økonomidata frå bruk som er med i driftsgranskningane til NIBIO. Metode og datagrunnlag er nærare omtalt i kapittel 2.

Datagrunnlaget for tilleggsnæringane er mangelfullt samanlikna med jordbruket. Det gjer at tala knytt til berekningane for tilleggsnæring er meir usikre enn for jordbruket. Estimata på kommunenivå er meir usikre enn for fylka, men gir likevel eit inntrykk av kor viktige tilleggsnæringane er.


Å ha ein eller fleire tilleggsnæringar er relativt vanleg for jordbruksføretaka. I utvalsteljinga frå 2016 henta SSB inn opplysningar om kor mange som driv tilleggsnæring, og kva for tilleggsnæringar som vert drivne. Fordi dette berre er ei utvalsteljing, vert det ikkje gjeve ut data på kommunenivå, men det er tal for kor mange som tal jordbruksføretak som driv tilleggsnæring, og kva tilleggsnæringar dei driv på fylkesnivå¹².

I begge dei to vestlandsfylka vert det drive tilleggsnæring på 45 prosent av jordbruksføretaka. Det er relativt lite samanlikna med andre fylke i landet. Berre dei tre fylka i Nord-Noreg og Rogaland har ein lågare del føretak som driv med tilleggsnæring enn Hordaland og Sogn og Fjordane.


Tilleggsnæring delt inn i 11 ulike driftsgreiner. Med denne inndelinga er det 2 076 ulike tilleggsnæringar i Hordaland i 2016 og 2 042 i SF. Dette er høgare enn talet bruk som driv tilleggsnæring fordi det er mange bruk som driv meir enn ei tilleggsnæring. Totalt viser tala frå SSB at det er 1 382 føretak i Hordaland og 1 315 i Sogn og Fjordane som har ei eller fleire tilleggsnæringar.

Leigekøyring den mest vanlege tilleggsnæringa i Hordaland, følgt av vedproduksjon, utleie og utmarksnæring. I Sogn og Fjordane er det flest som driv med utmarksnæring, følgt av leigekøyring og turisme. Det kan vere litt individuelt korleis den enkelte forstår spørsmåla i landbruksteljingane, slik at det kan vere nyttig å sjå nokre av næringane i samanheng. Til døme kan det hende at det er ein glidande overgang mellom utleie og turisme, eller mellom turisme og utmarksnæring.

¹² Kjelde: SSB (ikkje publ.) tal frå utvalsteljing 2016



Figur 6.1 Del av jordbruksføretaka som har tilleggsnæring, ulike fylke



Figur 6.2 Tal føretak med ulike tilleggsnæringar, Hordaland og Sogn og Fjordane, 2016


Kjelde: SSB (ikkje publ.)

Berekninga av verdiskaping og sysselsetting i tilleggsnæringar er basert på frekvenstala frå SSB for 2016 og økonomiske data frå driftsgranskningane for 2016. Det er stor skilnad i kor mykje dei ulike tilleggsnæringane bidrar til sysselsetting og økonomisk resultat, derfor treng ikkje høg frekvens å gje høg verdiskaping. Fordi SSB ikkje har opplysningar om omfanget av tilleggsnæringane, er det omfanget i driftsgranskningane som vert nytta i modellen. Ein veit ikkje kor representative bruka i driftsgranskningane er for tilleggsnæring. Derfor er tala i berekningane for tilleggsnæringar meir usikre enn for jordbruksproduksjonen.

Grensegangen mellom tilleggsnæring og tradisjonelt jord- og skogbruk kan av og til vere uklar. For eksempel for vedproduksjon er verdien av trevirket med i skogbruket, medan meirverdien ved foredling til ved, kjem som tilleggsnæring. Produksjon av juletre og pyntegrønt er definert som tilleggsnæring i landbruksteljinga, men vert også rekna som ein del av skogbruket. Her kan derfor noko av verdiskapinga bli rekna både som tilleggsnæring og som skogbruk, men det vil likevel ha lite å seie for resultatane.


Verdiskaping frå tilleggsnæringar, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 137 mill. kroner for Hordaland og 150 mill. kr for Sogn og Fjordane i 2016. Frå 2013 har verdiskapinga frå tilleggsnæringane gått ned med 6 mill. kr i Hordaland og auka med 7 mill. kr i Sogn og Fjordane.

Leigekjøring er den tilleggsnæringa med høgast verdiskaping (bruttoprodukt) i Hordaland med 28 mill. kr i 2016. Deretter følgjer utmarksnæring med 25 mill. kr og utleige med 18 mill. kr. I Sogn og Fjordane er det utmarksnæring som ligg høgast med 39 mill. kr, følgt av leigekjøring (26 mill. kr) og turisme (23 mill. kr).




Figur 6.3 Verdiskaping (bruttoprodukt) frå ulike tilleggsnæringar, Hordaland og Sogn og Fjordane, 2016, mill. kr


I Hordaland er det Voss og Kvinnherad som har høgast verdiskaping i tilleggsnæring med eit brutto- produkt på høvesvis 16 og 13,5 mill. kr. Stryn og Gloppen ligg høgast i Sogn og Fjordane med høvesvis 16,6 og 13,6 mill. kr i 2016.




Figur 6.4 Verdiskaping (bruttoverdiskaping) frå tilleggsnæringar. Hordaland, 2013 og 2016, mill. kr



Figur 6.5 Verdiskaping (bruttoverdiskaping) frå tilleggsnæringar. Sogn og Fjordane, 2013 og 2016, mill. kr




Figur 6.6 Kart: Bruttoprodukt frå tilleggsnæringar, Hordaland, 2016, mill. kr




Figur 6.7 Kart: Bruttoprodukt frå tilleggsnæringar, Sogn og Fjordane, 2016, mill. kr


Med utgangspunkt i tal frå driftsgranskingane og frekvenstal, er sysselsettinga i tilleggsnæring for Hordaland berekna til 192 årsverk à 1845 timar i 2016, og for Sogn og Fjordane til 212 årsverk. Basert på utvalsteljinga i 2016 har SSB satt arbeidsinnsatsen i tilleggsnæringane til 262 000 timeverk for Hordaland og 357 000 timar for Sogn og Fjordane. Omrekna til årsverk vert det 142 årsverk for Hordaland og 194 for Sogn og Fjordane. SSB har basert sine berekningar av arbeidsinnsats på svara i utvalsteljinga medan berekninga vår nyttar tal frå driftsgranskingane. At tala frå driftsgranskingane vert høgare enn tala frå SSB kan tyde på at bruka i driftsgranskinga har noko større omfang av tilleggsnæring enn det ein finn i dei to fylka, men det kan også skuldast ulike metode eller tilfeldig variasjon. I 2013 var arbeidsinnsatsen berekna til ca. 264 årsverk i begge fylka.



Figur 6.8 Arbeidsinnsats i ulike tilleggsnæringar, Hordaland og Sogn og Fjordane, 2016, årsverk à 1845 timar



Figur 6.9 Arbeidsinnsats i tilleggsnæringar, kommunar i Hordaland, 2013 og 2016, årsverk à 1845 timar




Figur 6.10 Arbeidsinnsats i tilleggsnæringar, kommunar i Sogn og Fjordane, 2013 og 2016, årsverk à 1845 timar

7 Verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert verksemd

7.1 Jordbruksbasert verksemd

Eit høgt produksjonsvolum i fylka har verdi for råvaretilgangen til næringsmiddel- og drikkevareindustrien i fylka, samtidig som jordbruket avheng av nemnde industriar for å få avsetning på produkta sine. Det totale talet arbeidsplassar som avheng av jordbruket i dei to fylka er lågare enn tala som presenterast nedanfor. Dette fordi somme produsentar baserer råstoffet på andre verksemdar enn jordbruk og/eller hentar råstoffet utanfor fylka. Vår drøfting av tilknyttinga industrien har til jordbruket baserast på sysselsettingsstatistikk og ikkje faktisk import/eksport av råstoff.


Figur 7.1, Figur 7.2 og Figur 7.3 visar fylkesfordelte og kommunefordelte tal for sysselsette innan jordbruk og næringsmiddelindustrien for 2016. Fiskeforedling er haldt utanfor. Hordaland er det sjetteste fylket når ein ser på arbeidsplassar (nesten 2 200 sysselsette) i næringsmiddelindustrien, medan Sogn og Fjordane ligg på 12. plass med knapt 1 200 arbeidsplassar. Innan jordbruk ligg dei to fylka på 7. og 8. plass målt i tal arbeidsplassar i 2016, kor Hordaland sysselsette nær 2 000 og Sogn og Fjordane 1 900.



Figur 7.1: Tal på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien. Fylkesfordelt og sortert etter tal arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning


I 16 av Hordalandskommunane er det registrert tre eller færre arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien. Bergen har, med drygt 1500 arbeidsplassar, klart flest registrerte arbeidsplassar innan næringsmiddelindustri i fylket. Deretter følgjer kommunane Vaksdal og Voss med om lag 100 arbeidsplassar kvar. Voss tronar på topp med flest registrerte arbeidsplassar (ca. 260) innan jordbruket i fylket.



Figur 7.2: Tal på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Hordaland. Sortert etter tal arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien. 2016 (per 4. kvartal).

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

I 11 av kommunane i Sogn og Fjordane var det registrert tre eller færre arbeidsplassar tilknytt næringsmiddelindustrien i 2016. På topp finn vi Stryn med drygt 350 arbeidsplassar dette året. Deretter følgjer Førde og Gloppen kommunar med omkring 200 arbeidsplassar i nemnde industri. Stryn har også flest arbeidsplassar (drygt 200) tilknytt jordbruket i fylket.




Figur 7.3: Tal på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Sogn og Fjordane. Sortert etter tal arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien. 2016 (per 4. kvartal).

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Næringa si betyding for sysselsettinga i fylket og kommunane kan målast ved bruk av lokaliseringkvotientar, noko vi gjorde i førre rapport. I dei følgjande figurane vil vi også presentere horisontal lokaliseringkvotient når vi analyserer sysselsettinga i fylket. Lokaliseringkvotientar (LQ) og horisontale lokaliseringkvotientar (HLQ) er forklart i kapittel 2.5.2.

Figur 7.4 visar lokaliseringkvotientane for landets fylker for næringane jordbruk og næringsmiddelindustri fråtrekka fiskeforedling for 2016. Innan jordbruk skil fylka Oppland, Hedmark

og Sogn og Fjordane seg ut med ei sterk overrepresentasjon (2,5 eller høgare). Jordbruket i Hordaland er underrepresentert (0,5). Når det gjeld næringsmiddelindustri så har Østfold og Hedmark med lokaliseringkvotientar på 1,9 størst overrepresentasjon. Sogn og Fjordane har, med lokaliseringkvotient på 1,7, òg ein overrepresentert næringsmiddelindustri i fylket. Hordaland er, som i jordbruket, underrepresentert innan næringsmiddelindustrien med ein lokaliseringkvotient på 0,7.




Figur 7.4: Lokaliseringkvotientar i jordbruket og næringsmiddelindustrien (frårekna fiskeforedling) i 2016. Fylkesfordelt.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning


I Figur 7.5 til Figur 7.9 er alle kommunar med LQ større enn ein presentert saman med HLQ for desse kommunane for høvesvis jordbruk og næringsmiddelindustri i Hordaland og Sogn og Fjordane.

For kommunane i Hordaland, ser vi at det er fleire av kommunane (18 av 33) som har overrepresentasjon av næringa jordbruk (jfr. Figur 7.5). På «topp» finn vi Ulvik med ei lokaliseringkvotient på 6,8, deretter følgjer Ullensvang, Sveio, Etne og Kvam med lokaliseringkvotientar på over 4. Figuren syner at lokaliseringkvotientar må sjåast i samband med kva det inneber for sysselsettinga.




Figur 7.5: HLQ og LQ jordbruk Hordaland. Kommunar med LQ større enn ein. Presentert etter avtakande LQ, 2016

I Sogn og Fjordane er nær sagt alle kommunane, med unntak av kommunane Bremanger, Årdal og Vågsøy, overrepresenterte innan jordbruksnæringa. Askvoll har med ein lokaliseringkvotient på over 7 sterkast overrepresentasjon av kommunane i Sogn og Fjordane, deretter følgjer Naustdal, Luster, Hornindal og Jølster kommunar. Kva overrepresentasjonen inneberer i form av sysselsetting varierer.




Figur 7.6: HLQ og LQ jordbruk Sogn og Fjordane. Kommunar med LQ større enn ein. Presentert etter avtakande LQ, 2016

Innan næringsmiddelindustrien er det berre fem av kommunane som har overrepresentasjon. Vaksdal ledar an med ein lokaliseringkvotient på godt over 6, deretter følgjer Austevoll, Etne, Kvam og Voss.




Figur 7.7: HLQ og LQ Næringsmiddelindustri. Hordaland. Kommunar med LQ større enn ein. Presentert etter avtakande LQ. 2016

Innan næringsmiddelindustrien er det, som for Hordalandskommunane, færre kommunar med overrepresentasjon. Stryn har sterkast overrepresentasjon (7,2), etterfølgt av kommunane Gloppen, Flora, Sogndal og Førde.



Figur 7.8: HLQ og LQ Næringsmiddelindustri. Sogn og Fjordane. Kommunar med LQ større enn ein. Presentert etter avtakande LQ. 2016


Lokaliseringkvotientar Hordaland



Figur 7.9: Lokaliseringkvotientar i jordbruket og næringsmiddelindustrien (frårekna fiskeforedling) i 2016. Kommunar i Hordaland.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Lokaliseringkvotientar Sogn og Fjordane




Figur 7.10: Lokaliseringkvotientar i jordbruket og næringsmiddelindustrien (frårekna fiskeforedling) i 2016. Kommunar i Sogn og Fjordane.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Lokaliseringkvotientar for dei ulike bransjane i næringsmiddelindustrien i dei to fylka er vist i Figur 7.11 og Figur 7.12. Her visast også produksjon av drikkevarer og fiskeforedling. Produksjon av fôrvarer omfattar og fiskefôr.

I Hordaland er produksjon av kornvarar, stivelse og stivelseprodukt den bransjen innan næringsmiddelindustrien som er sterkast overrepresentert når det gjeld arbeidsplassar. Deretter følgjer produksjon av andre næringsmiddel. På botn finn vi produksjon av vegetabiliske og animaliske oljer og fettstoffer, foredling og konservering av frukt og grønsaker og produksjon, foredling og konservering av kjøtt og kjøttvarer.

Lokaliseringskvotientar for bransjar i Hordaland innan næringsmiddelindustrien




Figur 7.11: Lokaliseringskvotientar for bransjar i næringsmiddelindustrien i Hordaland 2016.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

I Sogn og Fjordane var produksjon av fôrvarer sterkast overrepresentert. Sett bort i frå produksjon av andre næringsmidlar og produksjon av vegetabiliske og animaliske oljer og fettstoffar som ikkje hadde registrerte arbeidsplassar (og dermed lokaliseringkvotient lik 0), var dei resterande bransjane i næringsmiddelindustrien i Sogn og Fjordane overrepresentert.


Lokaliseringskvotientar for bransjar i Sogn og Fjordane innan næringsmiddelindustrien



Figur 7.12: Lokaliseringskvotientar for bransjar i næringsmiddelindustrien i Sogn og Fjordane 2016


Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Lokaliseringkvotientane gir som nemnt ikkje eit bilete på kva bransjar eller næringar som sysselsett flest i ein region. Kakediagramma i Figur 7.13 og Figur 7.14 visar fordelinga av dei sysselsette i næringsmiddelindustrien etter bransje i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. Til dømes sysselsett fiskeriforedlinga flest av bransjane i næringsmiddelindustrien i Hordaland, medan produksjon av kornvare, stive og stiveprodukt har sterkast overrepresentasjon i Hordaland av desse bransjane om ein ser på lokaliseringkvotienten. Denne bransjen sysselsett berre fire prosent i fylket. I Sogn og Fjordane er produksjon av fôrvarer sterkast overrepresentert av bransjane i næringsmiddelindustrien, men ser vi på bransjefordelinga av dei sysselsette ser vi at denne bransjen berre har ni prosent av dei sysselsette. Kjøtt og fjørfe og fiskeforedling sysselsett samla over halvparten i næringsmiddelindustrien.



Figur 7.13: Bransjefordeling av sysselsette i næringsmiddelindustrien i Hordaland, 2016.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning



Figur 7.14: Bransjefordeling av sysselsette i næringsmiddelindustrien i Sogn og Fjordane, 2016.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

I rapportane frå 2015 (Knutsen et.al 2015 a og b) er det gjort ei vurdering av avhengnadsforholdet mellom jordbruket og jordbruksbasert industri. Dei same vurderingane ligg framleis til grunn. Vi har valt å gjere ei endring, produksjon av sider og anna fruktvin (nace-kode 11.030) er vurdert å vere avhengig av jordbruket.

Innan næringsmiddelindustrien legg vi til grunn at næringane *Produksjon, foredling og konservering av kjøtt og fjørfe, Foredling og konservering av frukt og grønnsaker, Produksjon av meierivarer og iskrem, Produksjon av kornvarer og Produksjon av fôrvarer (ekskl. fiskebasert)* er avhengig av lokal jordbruksproduksjon. Innan drikkevareindustrien legg vi til grunn at det berre er *Produksjon av sider og anna fruktvin og Produksjon av mineralvatn, leskedrikker og anna vatn på flaske, her under produksjon av saft*, som er avhengig av lokal jordbruksproduksjon. Vi legg til grunn at deler av næringa *Engroshandel med frukt og grønnsaker* er avhengig av lokal produksjon, her under fruktlager.

Tabellane nedanfor viser sysselsettinga vi legg til grunn innan desse næringane som etter vår meining har eit avhengnadsforhold til råstoff frå jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane og som med det inngår i verdiskapingsberekningane.

Tabellen syner at det er 1 158 tilsette i Hordaland som vi vurderer er avhengig av jordbruket. Tilsvarende tal i Sogn og Fjordane er 1 034.

Som nemnd i kapittel 2.5 må ein vere varsam med å samanlikne sysselsettingstala frå førre rapport, da SSB ikkje lengre gir ut data på same nivå i tillegg til endring av kjeldegrunnlaget for statistikken. Tal sysselsette vi la til grunn sist (2013-tal) var for Hordaland 1 261 og 951 i Sogn og Fjordane.


Tabell 7.1: Oversikt jordbruksbasert industri og engroshandel. Hordaland og Sogn og Fjordane. 2016.

Næring	Tilsette	
	Hordaland	Sogn og Fjordane
Produksjon, bearbeiding og konservering av kjøtt og fjørfe	220	571
Bearbeiding og konservering av frukt og grønnsaker	8	45
Produksjon av meierivarer og iskrem	542	226
Produksjon av kornvarer	135	0
Produksjon av fôrvarer (ekskl. fiskebasert)	78	0
Produksjon av drikkevarer	8	86
Engroshandel med frukt og grønnsaker	167	106
Sum jordbruksbasert industri	1 158	1 034
Produksjon av bakarvarer	609	188
Produksjon av andre næringsmidlar (ekskl. fiskeforedling)	466	0
Annan drikkevareindustri	337	33
Sum totalt	2 570	1 255

7.2 Skogbruksbasert verksemd

Skogbruket utgjer ein svært liten del av den samla næringsaktiviteten i Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylka hadde per 4. kvartal 2016 drygt 250 registrerte arbeidsplassar i skogbruket fordelt på 137 og 101 sysselsette i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane. I Sogn og Fjordane er Førde, Vik, Eid og Gloppen kommunar dei største skogkommunane (tal arbeidsplassar), og desse står for to tredjedelar av arbeidsplassane i fylket. I Hordaland er det flest sysselsette i Voss, Bergen, Granvin og Kvam kommunar, og til saman har desse kommunane i underkant av halvparten av arbeidsplassane i fylket.


Arbeidsinnsatsen i skogbruket utført av skogeigarar eller andre i familien inngår ikkje i sysselsettingsstatistikken med mindre skogeigar eller andre i familien hentar meir enn 50 prosent av samla inntekt frå skogbruket.



Figur 7.15: Sysselsette i skogbruket og tenester knytte til skogbruket per 4. kvartal 2016. Fylkesfordelt og sorter etter talet på arbeidsplassar i skogbruket. Hordaland og Sogn og Fjordane er utheve i mørk gul.


Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Figur 7.16 visar lokalisingskvotientane i skogbruket i dei ulike fylka. Lokalisingskvotient lik ein (landsnivå) er markert med ei stipla vertikal line. Bruk av lokalisingskvotientar er forklart i kapittel 2.5.2. Skogbruket var i 2016 sterkast overrepresentert i Hedmark og Oppland. Skognæringa i Hordaland og Sogn og Fjordane er med lokalisingskvotientar lik 0,25 og 0,87 underrepresentert.



Figur 7.16: Lokaliseringskvotientar for skogbruket i 2016. Fylkesinndelt. Sogn og Fjordane og Hordaland er utheve i mørk gul.

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning



Figur 7.17: Sysseletta per 4. kvartal 2016 innan skogbruksbasert verksemd. Fylkesfordelt og sortert etter sysseletta i trelast- og trevareindustrien.

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Industrisektorane som avheng av råstoff frå skogbruket finn vi innan trelast-, trevare-, treforedlings- og møbelproduksjon. I tillegg er deler av bioenerginæringa også avhengig av råstoff frå skogbruket. Det er utfordrande å identifisere og avgrense bioenerginæringa med utgangspunkt i offentleg statistikk. I Figur 7.17 er sysselsettinga innan dei tre næringane trelast- og trevare-, treforedlings- og møbelproduksjon presentert per fylke.

I rapportane frå 2015 (Knutsen et.al 2015 a og b) er det gjort ei vurdering av avhengnadsforholdet mellom skogbruket og skogbruksbasert industri. Dei same vurderingane ligg framleis til grunn.

Tabell 7.2 visar tal på sysselsette heilt eller delvis avhengig av råstoff frå skogbruk eller skogbruksindustri for 2016. Trelast- og trevareindustrien i Sogn og Fjordane sysselsette 610 personar, av desse arbeidde 24 personar innan trelast (saging, høvling og impregnering av tre), 17 innan produksjon av monteringsferdige hus, 542 innan produksjon av bygningsartiklar og 27 innan emballasje, rammeproduksjon og annan trevareproduksjon. I Hordaland var det 568 sysselsette i trelast- og trevareindustrien. Av desse var det registrert 74 innan trelast, 46 innan produksjon av monteringsferdige hus, 392 innan produksjon av bygningsartiklar og 53 innan emballasje, rammeproduksjon og annan trevareproduksjon.

Treforedlingsindustrien i Hordaland sysselsette 12 personar i 2016, alle desse innan produksjon av varer av papir og papp. I Sogn og Fjordane var det ingen registrert sysselsette i Sogn og Fjordane i denne næringa. Møbelindustrien sysselsette 171 personar i Hordaland og 156 personar i Sogn og Fjordane. Til saman var det 751 og 766 sysselsette innan verksemder heilt eller delvis avhengig av råstoff frå skogbruket i 2016 i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane.

Summert reknar vi at trelastindustrien med sine 74 arbeidsplassar i Hordaland og 24 i Sogn og Fjordane er avhengig av vyrke frå skogen lokalt.

Tabell 7.2: Sysselsette i verksemder i Hordaland og Sogn og Fjordane heilt eller delvis avhengig av råstoff frå skogbruk og skogbruksindustri i 2016


Næring	Hordaland	Sogn og Fjordane
Trelast- og trevareindustri	568	610
Treforedlingsindustri	12	0
Møbelindustri	171	156
Sum	751	766

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

7.3 Verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane


I figurane går det fram estimert verdiskaping i landbruksbasert industri i den einkilde kommunen i Hordaland og i Sogn og Fjordane målt som bruttoprodukt i 2016. Denne verdiskapinga meiner vi er avhengig av lokalt landbruk. Verdiskapinga er fordelt på jordbruksbasert og skogbruksbasert industri.

Som i førre rapport skil Bergen seg ut som kommunen med klart størst verdiskaping innan landbruksbasert industri, sjå Figur 7.18. Verdiskapinga utgjer snautt 70 prosent av verdiskapinga frå denne industrien i fylket. Berre 3 prosent av verdiskapinga er knytt til skogbasert industri. Figur 7.19 viser verdiskapinga i Sogn og Fjordane. Snautt 40 prosent av verdiskapinga frå landbruksbasert industri finner ein i Stryn. Berre 1 prosent av verdiskapinga er knytt til skogbasert industri.



Figur 7.18: Verdiskaping målt som bruttoprodukt landbruksbasert industri fordelt mellom jordbruksbasert og skogbruksbasert industri. Kommunar i Hordaland med bruttoprodukt >1000 000 kroner. 2016.

Sogn og Fjordane



Figur 7.19: Verdiskaping målt som bruttoprodukt landbruksbasert industri fordelt mellom jordbruksbasert og skogbruksbasert industri. Kommunar i Sogn og Fjordane med bruttoprodukt >1000 000 kroner. 2016.

Verdiskapinga i landbruksbasert industri i Hordaland er estimert til 1,05 mrd. kroner. Dette svarar til 0,4 prosent av samla verdiskaping i fylket. Samanlikna med førre rapport har det vært ein reduksjon i verdiskapinga med om lag 300 mill. kroner (målt i 2016-kroner). Reduksjonen skuldast dels ein reduksjon i tal sysselsette ein antek er avhengig av landbruket i fylket og dels at estimert verdiskaping per sysselsett er redusert.

Verdiskapinga i landbruksbasert industri i Sogn og Fjordane er estimert til 986 mill. kroner, noko som utgjer 2 prosent av samla verdiskaping i fylket. Ved ein inkurie vart berekna verdiskapinga i landbruksbasert industri fylket i 2013 feil for Sogn og Fjordane. Samla verdiskaping i landbruksbasert industri fylket i 2013 var 809 mill. kroner¹³, noko som svarar til 874 mill. kroner i 2016-kroner. Verdiskapinga er økt samanlikna med 2013 med 112 mill. kroner. Årsaka er knytt til økt verdiskaping per sysselsett og ein auke i sysselsettinga.

¹³ I førre rapport (Knutsen et.al. 2015 a) ble samla verdiskaping berekna til 596 mill. kroner.


7.4 Samanlikning av verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri med marin sektor

I dette kapittelet samanliknar vi verdiskaping og sysselsetting i dei «grøne» primærnæringane jordbruk og skogbruk, det vil sei landbruk, med den «blå» primærnæringa fiskeri. Vidare blir det også gjort samanlikningar av sysselsetting og verdiskaping i vidareforedlingsledda til dei nemnde primærnæringane. Vi gjer merksam på at vi her innanfor landbruksbasert industri ikkje vurderer grad av avhengnad til lokal produksjon.

7.4.1 Sysselsetting

Landbruket i Hordaland sysselsette nesten 2 100 personar i 2016, medan det innan fiskeri var drygt 2 400 sysselsette. I Sogn og Fjordane sysselsette fiskerinæringa i underkant av 1 000 personar, medan landbruket sysselsette drygt det dobbelte med 2 000 personar dette året.

Om ein berre ser på tal sysselsette, jf. Figur 7.20, var Hordaland det 3. største fiskerifylket i landet i 2016. Sogn og Fjordane er rangert som nummer sju. For sysselsettinga i landbruket kjem Hordaland på ein 9. plass, medan Sogn og Fjordane hadde ti fylke over seg med fleire sysselsette i landbruket.




Figur 7.20: Tal på sysselsette innan fiske og landbruk i 2016 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Blant Hordalandskommunane hadde Austevoll klart flest arbeidsplassar innan fiskeri i 2016. Deretter følgjer Bergen og Bømlo. Dei største landbrukskommunane var Voss, Kvam, Kvinnherad og Lindås.

Sysselsette fiske og landbruk Hordaland




Figur 7.21: Tal på sysselsette innan fiske og landbruk i kommunar i Hordaland i 2016 (per. 4. kvartal)

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

I Sogn og Fjordane var Flora den største fiskerikommunen når det gjeld tal på sysselsette, etterfølgt av Vågsøy og Selje kommunar. Innan landbruk var hadde Stryn, Luster, Førde og Gloppen flest sysselsette i fylket.

Sysselsette fiske og landbruk Sogn og Fjordane



Figur 7.22: Tal på sysselsette innan fiske og landbruk i kommunar i Sogn og Fjordane i 2016 (per. 4. kvartal)


Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Figur 7.24 og Figur 7.25 presenterer tal sysselsette for 2016 i landbruks- og fiskeribasert industri etter fylke og kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Landbruksbasert industri omfattar næringsmiddelindustrien (utan den delen som tilskrivast fiskeriindustrien), trelastindustri og papir- og papirmasseindustri.

Innanfor fiskeribasert industri er Nordland og Møre og Romsdal fylka med flest arbeidsplassar. Medan desse fylka har drygt 1 800 arbeidsplassar kvar i denne næringa, har Hordaland i overkant av 1 100 sysselsette medan det i Sogn og Fjordane er registrert i underkant av 500 sysselsette.

Landbruksbasert industri har fleire sysselsette enn fiskeribasert industri i nesten alle fylka. På topp ligger Trøndelag med 6 400 sysselsette og Rogaland med 5 500 sysselsette. I Hordaland sysselsette denne industrien nær 2 800 i 2016 og 1 800 i Sogn og Fjordane.

Sysselsette i landbruksbasert og fiskeribasert industri




Figur 7.23: Tal på sysselsette innan fiske- og landbruksbasert industri i 2016 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Av kommunane i Hordaland hadde Bergen klart flest sysselsette (1 661 personar) i landbruksbasert industri i 2016. Deretter følgde Voss og Vaksdal med høvesvis 155 og 111 sysselsette. I den fiskeribaserte industrien var det i Bømlo klart flest arbeidsplassar (323 sysselsette), etterfølgd av Sund (176 sysselsette), Osterøy (145 sysselsette) og Austevoll (139 sysselsette).

Sysselsette i landbruksbasert og fiskeribasert industri Hordaland




Figur 7.24: Tal på sysselsette innan landbruksbasert og fiskeribasert industri for kommunar i Hordaland i 2016 (per 4. kvartal). Landbruksbasert industri (stipla søyle) i Bergen er delt på 5.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

I Sogn og Fjordane var Stryn den største landbrukskommunen i 2016 med 512 sysselsette. Deretter følgde kommunane Flora (198 sysselsette), Gloppen (192 sysselsette) og Eid (184 sysselsette).

Dei største kommunane innan fiskeribasert industri målt i tal sysselsette var Vågsøy og Flora kommunar med høvesvis 125 og 96 sysselsette.

Sysselsette i landbruksbasert og fiskeribasert industri Sogn og Fjordane




Figur 7.25: Tal på sysselsette innan landbruksbasert og fiskeribasert industri for kommunar i Sogn og Fjordane i 2016 (per 4. kvartal).

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Figur 7.26 visar lokaliseringkvotientar for landbruket og fiske på fylkesnivå. Fylka som har ein lokaliseringkvotient (LQ) større enn 1 har ein overrepresentasjon av næringsa samanlikna med næringsa på landsnivå, medan dei som har LQ mindre enn 1 har ei underrepresentert næring i fylket. Lokaliseringkvotient lik ein er markert med ei stipla linje i alle figurane som visar lokaliseringkvotientar. Som nemnd i kapittel 2.5.22.5.1 er ulempa med LQ at den ikkje seier noko om nærings absolutte størrelse.

Sogn og Fjordane er overrepresentert både innan landbruk og fiske, medan Hordaland er overrepresentert innan fiske og underrepresentert innan landbruk. Hedmark og Oppland peikar seg ut med størst lokaliseringkvotientar innan landbruk, og fylka Finnmark og Nordland seg ut når det gjelder fiske.

Lokaliseringskvotientar




Figur 7.26: Lokaliseringskvotientar for landbruk og fiske i 2016. Fylkesfordelt.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

To tredjedelar av kommunane i Hordaland var overrepresentert innan fiske i 2016, medan drygt halvparten av kommunane var overrepresentert innan landbruksnæringa. Ikkje overraskande hadde Austevoll sterkast overrepresentasjon innan fiskeri med ei lokaliseringkvotient på 28, etterfølgt av Tysnes, Øygarden og Fusa og Jondal som også hadde sterk overrepresentasjon av fiske med LQ over 10. Størst overrepresentasjon i landbruket av kommunane finner vi i Ulvik (LQ lik 7) etterfølgt av Granvin og Ullensvang. I desse kommunane var det ikkje registrert sysselsette innan fiskeriverksemd.

Lokaliseringkvotientar Hordaland




Figur 7.27: Lokaliseringkvotientar for landbruk og fiske i 2016. Kommunar i Hordaland.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

I Sogn og Fjordane hadde dei fleste kommunane overrepresentasjon innan landbruk, medan det i fiske var i underkant av halvparten av kommunane som kunne skilte med å være overrepresentert. Solund kommune hadde langt sterkare overrepresentasjon enn dei andre kommunane, etterfølgt av Selje, Askvoll og Bremanger kommunar som alle hadde lokaliseringkvotientar over 10. Dei største kommunane i landbruket var Askvoll, Naustdal, Luster, Jølster, Vik og Hornindal med lokaliseringkvotient over 5.

Lokaliseringkvotientar Sogn og Fjordane




Figur 7.28: Lokaliseringkvotientar for landbruket og fiske i 2016. Kommunar i Sogn og Fjordane.

Kjelde: SSB, gjennomarbeidd av Østlandsforskning

